




Olav H. Hauge-senteret

Stader for skrift



Rapport om diktarheimar i Hordaland

Innhald

Forord	5
1 Faglege og kulturpolitiske inngangar	7
2 Det litterære landskapet i Hordaland	16
3 Diktarheimar i Hordaland	20
4 Ein stad i samtida: Økland-huset	25
5 Vidare oppfølging	30
Vedlegg	
1 Det nasjonale Litteraturnettverket	41
2 Hordalands-diktarar i norsk litteraturhistorie – eit utval	42
3 Nynorskdiktarar frå Hordaland i samtidslitteraturen – eit utval	44
4 Bokmålsdiktarar frå Hordaland i samtidslitteraturen – eit utval	45
5 Minnesteinar for diktarar i Hordaland – eit utval	46

Framsida

Fødestader, faste bustader og skrivestover i Hordaland som er bevarte etter forfattarar som er nemnde i vedlegg

1. Illustrasjon: Google My Maps / Per Magnus Finnanger Sandsmark

Forord



Hildegunn Dale les frå diktsamlinga *Ein halv dag* på Rossvoll i Ulvik under arrangementet *Lyrikk i Hauges hage* på Ulvik poesifestival 2016. Foto: Ulvik poesifestival, Nynorsk kultursentrum

– No regnar det i Hauges hage, og her står eg og skal lese dikta mine. Det gjer kanskje noko med dei, sa Hildegunn Dale frå Modalen frå trammen på Rossvoll, diktarheimen etter Olav H. Hauge, søndag 11. september 2016. Ein gamal heim møtte ny lyrikk og eit nytt publikum. I arbeidet med denne rapporten er fortid, samtid og framtid like viktige. Møtet den søndagsmorgonen gjer det synleg. Diktarheimen kan vere ei fråflytta historisk bygning, ein noverande heim eller ein formidlingsarena i framtida.

Olav H. Hauge-senteret i Ulvik opna med eit komplett publikumstilbod i 2014, 16 år etter at dikteren gjekk bort. Senteret forvaltar ingen kunstnarheimar, men driv med utgangspunkt i Hauges forfattarskap dokumentasjon og formidling av lyrikk i mange former på tvers av språkgrensar. Som litterært museum har vi teke på oss å vere med og drøfte kva forvaltning av kunstnarheimar er og kan vere. Denne rapporten er avgrensa til å drøfte den rolla som stader knytte til dikting kan ha i Hordaland, og gi døme på korleis dei kan forvaltast og formidlast også i samarbeid med andre aktørar.

Hauge-senteret har valt å kople fortid og samtid saman ved å framheve mange og ulike diktararar i utstillingane og kulturprogrammet. Denne koplinga mellom ulike forfattarskapar og tidsrom har prega arbeidet. Like mykje som å sjå tilbake til eldre tider i

utflytta heimar har vi lagt vekt på å vurdere kva diktarar, forfattarskapar og diktarstader i dag kan ha å seie for framtida.

Hauge-senteret fekk i oppdrag frå Hordaland fylkeskommune å få fram relevant kunnskap om kunstnarheimar. I arbeidet med saka har vi lagt mest vekt på kunnskap som kan vere med og sikre god forvaltning av den kulturarven som diktarheimane er ein del av. Også Kode Kunstmuseene i Bergen skal lage ei utgreiing om emnet. Gjennom drøfting med Kode og i samråd med fylkeskommunen har vi kome til at vi konsentrerer oss om heimane til skjønnlitterære forfattarar og dermed dramatik, lyrikk og prosa.

For Hauge-senteret har det vore nyttig å få ein oversikt over formidling knytt til diktarheimar i fylket vårt og drøfte kva slike stader kan ha å seie i forvaltninga og formidlinga av språk, litteratur, skriftkultur og kulturarv. Like mykje som å syne fram praksis på feltet i dag drøftar vi kva formidling av materielle og geografiske minne kan ha å seie for formidlinga av litteraturhistorie meir allment.

Mykje kan endre seg over tid, ikkje minst kva forfattarskapar som på ulike tidspunkt blir vurderte som viktige i samtida. Difor har vi teke med både overordna problemstillingar og spesifikke døme. Slike handfaste utgangspunkt var nødvendige for å kunne skrive rapporten, men konklusjonane er ikkje avhengige av dei.

Vi har ikkje teke stilling til kva forfattarskapar som bør prioriterast for minnestader i framtida. Alt etter nasjonal, regional eller lokal ståstad vil ulike kriterium liggje til grunn. Difor har det heller ikkje vore grunnlag for å drøfte ulike finansierings- og driftsmodellar. Ei sterk lokal forankring kombinert med historisk og kunst- og museumsfagleg kompetanse må i alle høve til når ein skal vurdere og avgjere kva utviklingsprosjekt som skal setjast i gang.

Hordaland er i dokumentet avgrensa til det området som sidan 2002 har høyrte til Hordaland fylkeskommune. Blir fylkesgrensene endra, vil det vere enkelt å overføre konklusjonar og resonnement til forfattarskapar i dei områda som då er aktuelle.

Prosjektmedarbeidar Per Magnus Finnanger Sandsmark har skrive det meste av kapittel 1–4. I det avsluttande arbeidet var også direktør Ottar Grepstad og dagleg leiar Geir S. Netland med.

For å kartleggje diktarheimane i Hordaland har vi hatt kontakt med lokale biblioteksjefar, medlemmer i Norsk Forfattarsentrum og regionmusea i fylket. Dei har hjelpt med opplysningar om forfattarar, forfattarskapar, heimar og eventuell formidling av dei heimane. Ein særleg takk går til seniorrådgivar Elisabeth Bjørsvik i Hordaland fylkeskommune, sekretær Marianne Bakketun og biblioteksjef Inger Karin Dyrnesli ved Voss bibliotek, nestleiar Sissel Kristensen i Norsk Forfattarsentrum, direktør Sigurd Sandmo i Kode Kunstmuseene i Bergen, professor Idar Stegane, forfattar Gunnar Staalesen, formidlingsleiar Johanne Øvstebø Tvedten ved Sunnhordland Museum og Stein Olav Kolås, eigar av familiegarden til Olav H. Hauge, for nyttige innspel.

Ullvik, 28. mars 2017

Geir S. Netland (s)
dagleg leiar Olav H. Hauge-senteret

1 Faglege og kulturpolitiske inngangar



I 2015 tok Litteratursymposiet i Odda initiativ til fotodokumentasjonsprosjektet *Heima hos* der fotograf Ingerid Jordal oppsøkte barndomsheimane til seks forfattarar frå Odda. Her er far Leiv Grytten og Frode Grytten i huset på garden Hjøllo. Til høgre er Marit Eikemo og far Per Eikemo i Berjaflotvegen. Foto: Ingerid Jordal

Hordaland fylkeskommune vedtok ved handsaminga av museumsplanen i 2011 å kartleggje kunstnarheimane i fylket. I 2015 blei kunstnarheimar peika ut som ein prioritert kategori av kulturminne. Denne rapporten om formidling av diktarheimar i Hordaland er ein direkte konsekvens av dei to vedtaka.

Oppdrag frå Hordaland fylkeskommune

Initiativet til ei kartlegging av kunstnarheimar i Hordaland kom alt då museumsplanen for perioden 2011–2015 blei lagd fram i 2011.¹ Under delmålet om at «musea sine samlingar skal sikrast og bevarast best mogleg og gjerast tilgjengeleg for publikum og for forskning» er tiltak 23 kalla «forvaltning av kunstnarheimar».² Planen slår fast at «Hordaland har fleire kunstnarheimar der arven etter kunstnaren vert teken vare på og formidla. Det vil koma fleire slike prosjekt, og nokre er under etablering».³ I dokumentet blir dette brukt som eit argument for offentlig støtte til komponistheimane i Kode Kunstmuseene i Bergen og bidrag til etablering av Fartein Valen-senteret i Sveio og Olav H. Hauge-senteret i Ulvik.

Den same planen slår fast at forvaltninga av desse kunstnarskapa er ei oppgåve for arkiva, biblioteka og musea. Fagleg tilknytning til andre institusjonar som arbeider med kunst og kunstnarskapar, særleg Kode Kunstmuseene i Bergen, blir trekt fram som viktig for å halde høg kvalitet i formidling og forvaltning av denne kulturarven.

Vidare heiter det at i «Hordaland finst fleire kunstnarheimar som er i privat eige og tilfredsstillande forvalta. Hordaland fylkeskommune bør vera merksam dersom forvaltningssituasjonen endrar seg. Når det gjeld kunstnarheimar i privat eige, bør det kunna

¹ *Musea i samfunnet. Regionalplan for museum 2011–2015*, Hordaland fylkeskommune 2011.

² Same staden, s. 48–52.

³ Same staden, s. 52.

vera ei oppgåve for museum og abm-sektoren i samarbeid med eigar sikra og dokumentera denne typen kulturskattar».⁴

Dette er det første museumspolitiske dokumentet i Hordaland som gjer kunstnarheimar til ei eiga problemstilling i den fylkeskommunale kulturpolitikken. Då Kultur- og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama sak 57/2014 *Olav H. Hauge-senteret – tilknytning til museumsfeltet og museumsplanmidlar* tre år seinare, vedtok utvalet at Hauge-senteret som avdeling i Nynorsk kultursentrum er ei eiga museumseining i Hordaland på linje med dei andre musea i det nasjonale museumsnettverket, dei så kalla konsoliderte einingane. Samstundes løyvde utvalet 100 000 kroner i museumsplanmidlar for at Hauge-senteret skulle sjå nærmare på forvaltninga av kunstnarheimar.

Alt i 2013 hadde Kode fått 100 000 kroner for å dokumentere formidlinga og forvaltninga av kunstnarheimar i fylket. Både Hordaland fylkeskommune, Kode og Hauge-senteret tenkte lenge å gjere utgreiinga til eit fellesprosjekt. Etter dialog med Kode og fylkeskommunen blei konklusjonen hausten 2016 at Hauge-senteret fullfører sin del av prosjektet på eiga hand.

I *Samlingsplan for musea i Hordaland 2015–2020* er to sider ved kunstnarheimane i Hordaland omtala.⁵ I kapittelet om samlingsutvikling blei mellom andre barndomsheimen til Jens Tvedt og dei tre komponistheimane i Kode nemnde som avslutta samlingar. Det blei også peikt på at Olav H. Hauge sin heim og fleire andre kunstnarheimar er i privat eige, og at forholdet mellom dei private heimane og musea Kode og Hauge-senteret bør greiast ut nærmare for dei midlane som dei to musea alt hadde fått.

Denne rapporten byggjer også på *Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025*. Der er kunstnarheimar éin av 11 prioriterte kulturminnekategoriar i planperioden. Fylkeskommunen seier at «kartlegging, dokumentasjon og forvaltning av kunstnarheimar skal stimulerast».⁶ Mange vedtak har vore fatta og nokre summer fordelte for å få på plass dette. Denne rapporten er den første konkrete konsekvensen av desse vedtaka.

Nødvendige avgrensingar

Nynorsk kultursentrum arbeider heile tida med eit før-romantisk litteraturomgrep som inkluderer også sakprosa. Det gir eit skilje mellom tre typar forfattarar:

- Forfattarar som skriv berre sakprosa
- Forfattarar som skriv både sakprosa og skjønnlitteratur
- Forfattarar som skriv skjønnlitteratur

Alt i oppdraget låg det ei tydeleg avgrensing all den tid utgangspunktet var kunstnarheimar i Hordaland. Difor er denne rapporten konsentrert om *skjønnlitterære forfattarar*. I den grad eit prosjekt om forfattarheimar dreiar seg om å forstå lokalsamfunn og region, må sakprosaen inkluderast. Berre for tida etter 1945 blir den lista lang – her er eit dusin av dei: historikarane Ida Blom, Knut Helle og Ståle Dyrvik, filosofane Jon Hellesnes, Arild Haaland, Gunnar Skirbekk og Hans Skjervheim, kunsthistorikaren Jorunn Veiteberg, litteraturvitarane Edvard Beyer, Willy Dahl og Georg Johannesen, og samfunnsvitarane Stein Kuhnle og Frank Aarebrot.

Innanfor lyrikken ligg tyngdepunktet i denne rapporten på *skriftlyrikk*. Det inneber at dei aller fleste av dei diktarane som når ut til flest, songlyrikarane, blir ei sak for seg. I det

⁴ Same staden, s. 53.

⁵ *Samlingsplan for musea i Hordaland 2015–2020*, Hordaland fylkeskommune, Bergen 2015, s. 31–32.

⁶ *Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025*, Hordaland fylkeskommune, Bergen 2015, s. 77

ligg ikkje ei oppfatning frå vår side om at skriftlyrikken er den viktigaste, heller ikkje at kvalitet skal målast i opplagstal eller nedlastingar, men det har vore nødvendig for å avgrense arbeidet.

Emnet verken kan eller bør avgrensast til døde forfattarar. Stortinget føreset at alle museum prioriterer innsamling av *materiale frå tida etter 1945*. Litt romsleg kan dette definerast som samtidshistorie. Denne rapporten kryssar slike tidsgrenser, men i kapittel 5 legg vi særleg vekt på diktarar som har levt og skrivne etter 1945.

Som mange andre kunstformer lever også diktekunsten i eit samspel med andre kunstnarlege uttrykk. Både i formidling og som eit sjølvstendig uttrykk er musikk med og opnar fleire inngangar til diktinga. I 2008 blei komponisten Geirr Tveitt og dikteren Olav H. Hauge feira i eit felles hundreårsjubileum med Hordaland fylkeskommune i ei nøkkelrolle. I Sveio er dikteren og kulturhistorikaren Einar Økland og komponisten Fartein Valen kunstnarlege naboar. Dette samspelet krev ei eiga utgreiing og vidare oppfølging.

Litteraturfaglege perspektiv

Der det er tale om diktar og heim, ligg omgrepet *heimstaddikting* snublande nært. Det er eit omgrep vi rår frå å bruke og aller minst integrere i kulturpolitisk arbeid. Ein leksikalsk definisjon som er lett tilgjengeleg, viser kva problem som ventar: «Heimstaddikting er en norsk litterær sjanger som kan beskrives som dikting om lokalmiljøet og hverdagshelter. ... Særtrekkene for heimstaddiktingen er dens vektlegging av tradisjonen (også som ideologisk form). Fellesskapet står sentralt, identitetene er faste og kjønnsrollene er gitt av naturen.»⁷

Ei slik oppfatning vil det vere vanskeleg å finne litteraturfagleg støtte for i 2017. Omgrepet skriv seg frå tysk kultur- og litteraturvitskap og kan finnast som historisk kategori mange stader i Vest-Europa. Iallfall i Noreg har det sjeldan vore brukt nøytralt, ofte nedvurderande, som litteraturvitaren Idar Stegane peika på for 30 år sidan.⁸

Denne måten å forstå delar av diktinga på, prega norsk litteraturhistorie gjennom det meste av 1900-talet. Synsmåten kom frå ein urban overklasse som gjerne definerte dikting frå bygdesamfunn som heimstaddikting, men sjeldan gjorde det same for dikting frå bysamfunn. Omgrepet blei også tidleg normativt og dermed ikkje-vitskapleg. Kombinert med perspektivet *nasjonalromantikk* blei resultatet meir ei tilsløring enn ei avdekking. Først i 1970-åra tok ein grunnleggjande kritikk av desse synsmåtane form, ikkje minst i litteraturvitskapsmiljøet ved Universitetet i Bergen.

På 1970-talet var Vestlandet generelt, og Sunnhordland særskilt, eit tyngdepunkt for dikting som utfordra slike etablerte hegemoni; Nord-Noreg var eit anna. Gjennom akademisk og litterært arbeid blei historiske og samtidsforfattarskapar med utgangspunkt i utkantar undersøkte og presenterte. Dels blei dette gjort i opposisjon til etablerte forståingar av kva store diktarar og forfattarskapar var, og dels i tråd med den lokale mobiliseringa som prega tiåret etter den første folkerøystinga om EF-medlemskap i 1972.

Ut av dette kom fleire viktige artikkelsamlingar og antologiar. Idar Stegane redigerte artikkelsamlinga *Sunnhordlandsdiktatarar* i 1978, og Norsk Forfattarsentrum Vestlandsavdelinga stod same året for antologien *Vestlandsdiktatarar* med tekstar av 21 forfattarar. I staden for heimstaddikting knytte nye forskar- og forfattarmiljø seg til ein internasjonal tendens i retning av regional litteratur. Eit samlande uttrykk for dette var i Noreg

⁷ «Heimstaddikting», *Wikipedia Bokmål*, lesedato 21.1.2017.

⁸ Idar Stegane: *Det nynorske skriftlivet. Nymorsk heimstaddikting og den litterære institusjon*, Oslo 1987, s. 26.

artikkelsamlinga *Heime best. Om lokallitteraturen*, redigert av Tor Lian i 1982. Denne nytenkinga resulterte i antologiar med tekstar om og av nordnorske forfattarar, trønderforfattarar, vestlandsforfattarar, sunnhordlandsforfattarar.

Litteraturhistoria har sine grupper og miljø, som Profil-kretsen frå 1960-åra. Parallelt med kritikken av heimstaddiktinga gjorde forfattarar frå Sunnhordland omgrepet *Sunnhordlandsforfattar* til eit positivt omgrep. Største sams mål var geografi og språk, i mindre grad skrivemåte, emne eller sjanger. Jamlege forsøk på å definere eit fellestrekk under nemningar som *vestlandsironi* eller *vestlandssurrealisme* blei aldri vellykka.

Kva rolle og funksjon stader har i kulturen, har det vore skrive mykje om i mange fag, frå filosofi via sosiologi til kulturvitskap. I 1996 redigerte Fredrik Engelstad og Wendy Griswold *Places Within, Places Beyond* med artiklar av mellom andre Kjartan Fløgstad, Edvard Hoem, Idar Stegane og Jan Inge Sørbo. Året etter arrangerte NTNU i Trondheim seminaret «Stedet som kulturell konstruksjon». Eit nyare uttrykk er prosjektet «Modernisme i nordisk lyrikk». Derifrå kom artikkelsamlinga *Stedet* ut i 2008.⁹ Mellom dei relevante artiklane er Unni Langås om «Gravstedet i nyere nordisk lyrikk», Hadle Oftedal Andersens drøfting av storyen i «Heime i moderniteten, heime med døden», Idar Stegane om «København og Tjøme. Alf Larsen sine poetiske stader» og Eva-Britta Ståhl om «Hembygdsdikting, tradition och modernism».

Perspektivet kan utvidast frå diktarheimen til staden og vidare til landskapet. I Hordaland gjeld det både kyst, fjord og fjell. Johan Tufteland frå Austevoll er ein av mange som har skildra kysthistorie, meir spesifikt seglskute- og hollendartida. Fjorden er eit viktig motiv i verka av Ruth Lillegraven frå Granvin. Olav H. Hauge skapte mektige dikt med utsyn til fjell og utsyn frå fjell.

Det språklege perspektivet

Diktinga frå diktarar som bur eller har budd i Hordaland, er på dansk, dansknorsk, riksmål, bokmål, nynorsk eller dialekt. Nokre er tospråklege, dels etter sjanger, dels etter tid, dels meir vilkårleg. Kulturpolitisk har den nynorske tyngda i diktinga frå Vestlandet hatt mykje å seie for den allmenne posisjonen for nynorsk skriftkultur i det 21. hundreåret.

Særleg det siste tiåret har ei ny forståing av den norske språksituasjonen vakse fram. Stortinget vedtok i 2002 samrøystes at bokmål og nynorsk skal normerast på sjølvstendig grunnlag og ikkje lenger ut frå eit mål om eitt felles skriftspråk. Utover på 2000-talet har det vakse fram ei forståing av nynorsk og bokmål som to jamstilte, norske språk, ikkje som norske målformer. Nynorsk kultursentrum var ein av dei aktørane som mest målretta arbeidde for dette og tok i 2010 det initiativet som førte til at Stortinget i 2014 vedtok Grunnlova på både nynorsk og bokmål.

Der er både ein norsk språkleg forståingsfellesskap der bokmål og nynorsk for dei fleste er gjensidig forståelege språk, og ein skriftfellesskap bygd på kvar sine skriftspråk. Dei siste tiåra er det gitt ut mange bøker og skrifter som kvar på sin måte byggjer opp ei nynorsk litteraturhistorie. Den historia er alt skriven for fleire medium og sjangrar – presse og lærebøker, lyrikk og dramatikk.¹⁰ I 2018 gir Det Norske Samlaget ut *Nynorsk litteraturhistorie* (arbeidstittel) av Jan Inge Sørbo. Ottar Grepstad lanserte den ideen i årstale nr. 9 om

⁹ Hadle Oftedal Andersen ofl. (red.): *Stedet. Modernisme i nordisk lyrikk 2*, Helsingfors 2008.

¹⁰ Ottar Grepstad: *Skjønnlitterære debutantar på nynorsk og dialekt 1841–2014*, Ørsta 2014, s. 14 ff.

tilstanden for nynorsk skriftkultur i 2009.¹¹ Han har sjølv skrive både ei nynorsk kulturhistorie, ein krønike om nynorsk skriftkultur og historia om den nynorske pressa.

Språk er viktig for alle som skriv profesjonelt, og viktigare for diktarane enn for dei fleste andre. Dei er avhengige av det språket dei diktar på og korleis dei kan bruke det. Denne individuelle språklege identiteten vil vere sterk for alle, same kva språk dei skriv på. I tillegg ligg det nok ein særskild språkleg identitet for mange i det å skrive på nynorsk fordi det på nasjonalt nivå er eit mindre brukt språk enn bokmål, og til skilnad frå bokmålsdiktarar får dei framleis uventa ofte spørsmålet om kvifor dei skriv på nynorsk.

Diktarane har altså ei språkleg rolle som ikkje bør undervurderast.

Heimane til diktarane

Det finst mange stader for skrift. Forlagshus, prenteverk, bokhandlarar, bibliotek, skular og kyrkjer er alle viktige stader for skrift i Hordaland. Denne rapporten handlar likevel ikkje om den institusjonelle delen av skriftkulturen, men om stadene der tankar og tekstar har vorte dikta fram. Det skjer ofte i heimar og skrivestover.

Samstundes er det kanskje ikkje så enkelt. Er ein heim det huset som ein diktar har budd i automatisk ein diktarheim? Olav Nygard er rekna som ein forfattar frå Modalen. Han voks opp der, men etter skulegang og studium i både Ørsta og Asker flytta han i ein sjuårsperiode mellom gardsbruk i Eksingedalen, Lindås og Horvei i Hordaland.¹² Først då han kom til Oslo, skreiv og han blei han publisert. Det geografiske er heller ikkje noko sentralt motiv i lyrikken hans. Heimen hans er difor ikkje særleg interessant i eit musealt eller litterært perspektiv. Likevel er det reist ei minnestøtte for dikteren, og lokale historielag har halde kulturvandringar i området. Eit anna døme kunne vere Jon Fosse med bu- og skrivestader i Strandebarm, Bergen og i Oslo, på Frekhaug og i Hainburg an der Donau i Austerrike.

Andre forfattarar er temmeleg bufaste. Olav H. Hauge var ein av dei. Han voks opp og skreiv nær sagt all si dikting på den same garden i den same bygda livet ut. Dorothe Engelbretsdatter levde nesten heile livet sitt i Bergen og gav ut all diktinga si medan ho var der. Likevel står nok dei som har ein slik stabil binding til bygningar og stader gjennom liv og dikting i ei særstilling. Både Engelbretsdatter og Hauge knytte språket sitt tett til stadene sine gjennom val av stadnære ord, uttrykk og seiemåtar. Dette stadbundne i deira liv og diktverk er truleg oftare unntaket enn regelen. Kanskje er det også grunnen til at det oftare er unntaket enn regelen at diktarheimar blir tekne vare på og formidla som nettopp det.

Den tidlegare kultureddaktøren i Aftenposten, Finn Jor, skriv i forordet i førsteutgåva av *Norske kunstnerhjem* at «våre hjem er speil. Men de viser ikke ansikter, de viser liv – personligheter og menneskeskjebner. De forteller om vi er rike eller fattige, om vår skjønnhetssans og vårt praktiske håndlag, om tingene vi har samlet, om kva som har betydd noe for oss. Hjemmet er vårt ankerfeste. Til sammen gir det et totalbilde av kva vi har gjort ut av våre forutsetninger og hvem vi er som mennesker».¹³ Dette romantiske biletet av heimen som spegel av levt liv har prega norsk museumsvesen i over 150 år. Særleg synleg er det på bygdetun. Jor har nok også rett i at det er dette synet på tilhøvet mellom heimen og menneska som har gjort kunstnarheimane til utfartsstader, museum og formidlingsarenaer.

¹¹ Ottar Grepstad: *Draumen om målet*, Oslo 2012, s. 309.

¹² Sigrid Bø Grønstøl: «Olav Nygard». *Allkunne.no* <http://www.allkunne.no/framside/biografiar/n/olav-nygard/97/753/>, lesedato 21.12.2016.

¹³ Finn Jor.: *Norske kunstnerhjem*, Oslo 1997, s. 9.

Mange kjenner seg nærmare kunsten og kunstnaren sjølv når dei er i kunstnarheimen. Staden kan gjennom sin autentisitet gi ei kjensle av samanheng mellom publikum og forfattaren og/eller diktinga uavhengig av tid, men ikkje uavhengig av stad.¹⁴ Staden blir då eit bindeledd mellom kunstnar i fortida og publikum i samtida.

Eintydig er det heller ikkje kva som ligg i *tilknytning* til ein stad. Som ein del av grunnlaget for denne rapporten laga sekretær Marianne Bakketun ved Voss bibliotek ein fyldig dokumentasjon av Vossaforfattarar – diktarar med «ei eller anna tilknytning til Voss». Ho samla verdfull informasjon om heile 54 diktarar frå fortid og samtid som vil vere til nytte for mange. Samstundes avdekkjer ein slik dokumentasjon kor vanskeleg det er å definere ordet *tilknytning*, og at ein treng presise kriterium for å utforme den dokumentasjonen som politiske vedtak kan tuftast på.

Sambandet mellom stad og kunstnarskap er sentralt i mang ei grunngeving for å ta vare på kunstnarheimar. I det ligg ein føresetnad om at det først og fremst er litteraturen, litteraturhistoria, estetikken og tenkinga til diktarane ein ønskjer å ta vare på gjennom diktarheimar, diktarmuseum og liknande minnestader. Dette treng likevel ikkje å vere føremålet med museet. Kunstnarheimar har hatt andre funksjonar i tidlegare tider, og kan få andre funksjonar i framtida.

Ivar Aasen-tunet på Sunnmøre er det eldste personmuseet i landet. Det opna sommaren 1898, berre halvtanna år etter at Aasen døydde. Det litterære og vitskaplege arbeidet til Aasen var nok til å rettferdiggjere eit museum. Familien forstod at dei hadde å gjere med store verdiar og tok sjølv ansvaret for å forvalte arven i tunet der han blei fødd. Det gjorde dei med si eiga tid og sine eigne midlar like til andre halvdel av 1900-talet. I 2000 blei det gamle Aasen-museet konsolidert med det nybygde Aasen-tunet i regi av Nynorsk kultursentrum, og ei standard omvising tek alltid til ved det gamle museet. I utstillinga er historia om Ivar Aasen ein del av ei større forteljing om nynorsk skriftkultur og språkleg mangfald som er kalla *Viljen til språk*.

Dette gjer Aasen-tunet til eit atypisk museum langt utanfor landegrensene. Europa rundt er det vanlege forfattarmuseet avgrensa til forteljinga om liv og verk. Ved å arbeide med dokumentasjon, formidling og opplevingar under ein høgare himmel av tematiske perspektiv blir samhengane framheva og det biografiske dempa. Det same har Nynorsk kultursentrum gjort for Hauge-senteret som arbeider med lyrikk i mange former og på tvers av språkgrenser, og Vinje-senteret for dikting og journalistikk som er under etablering frå 2017.

Interessa for samspelet mellom liv og dikting, mellom dikting og stad, er langt frå eit særnorsk fenomen. Museumsorganisasjonen International committee for literary museums har over tid arrangert mange seminar om emnet, som «Museums and Spirit of the Place» på årskonferansen sin i 2012. All den tid dei fleste musea er personmuseum, forsterkar det behovet for å forstå dei eventuelle samhengane – og brota – som er der.

Minnepolitiske perspektiv

Fleire kunstnarheimar har i kraft av å vere museum vore ein del av forteljinga og utviklinga av nasjonen og staten Noreg, med meir vekt på nasjonsbygging enn modernitet. I enkelte byar og bygder har der vore grupper som ville synleggjere diktarar og andre kunstnarar frå området. Då kan det vere andre kriterium enn det reint litteraturhistoriske som gjer at ein vel

¹⁴ Sjå vidare drøfting av dette i Nils Gilje og Torunn Selberg: *Kulturelle landskap. Sted, fortelling og materiell kultur*, Bergen 2007:

å ta vare på og formidle historia. Ein kjem ikkje utanom at dette av og til gjer enkeltdiktarar større enn dei var i litterær forstand, og ikkje minst meir unike enn dei nok var. Det er nettopp det minnepolitikk handlar om: å bruke fortida til å fremje interesser og verdiar i samtida.

To større forskingsprosjekt undersøker tilgrensande problemstillingar. I prosjektet *Museum som minnepolitiske aktørar* samarbeider sju museum i det nasjonale Litteraturnettverket.¹⁵ Blant desse undersøker Garborgsenteret korleis Knudaheio på Jæren har vore brukt som minnestad etter at Ane Garborg døyddde i 1924, Kongsvinger museum studerer Oppistun Børli som formidlingsarena for lyrikk med utgangspunkt i Hans Børli forfatterskap, og Telemark Museum granskar korleis biografiske perspektiv på oppveksten til Henrik Ibsen på Venstøb i Skien har prega forvaltninga av bygningen og formidlinga av hans livsverk.¹⁶

Eit prosjekt med forskarar frå fleire universitet, høgskular og museum er *TRAUM – Forfattarmuseum i endring*.¹⁷ Dei undersøker korleis forfattarmuseum har endra seg i takt med endringane i korleis ein tenkjer om forfattarar og litteratur og går særleg inn på det tradisjonelle forfattarmuseet si rolle.

Geografi og litteratur

Det som kunne kallast den historisk-geografiske metoden i formidlinga av diktning, har sett mange spor etter seg på trykk. Litterære, regionale antologiar og litterære reiseguidar er ein nødvendig parallell til diktarheimar og minnestader. Slike finst i mengder for land som England og byar som London, Berlin, Paris. Like sidan 1920-åra har koplinga av geografi og litteratur vore eit sentralt element i formidlinga av kultur- og litteraturhistorie. Lista nedanfor gir eit vink om kva det handlar om:

Jostein Fet: *Sunnmørsdiktarar*. 1977

Carl Lauritz Lund-Iversen (red.): *Ord gjennom år. Diktning og diktarar frå Sunnfjord og Nordfjord 1700–1986*. 1990

Andreas Bjørkum og Jarle Bondevik (red.): *Diktning og diktarar frå Sogn*. 1978

Harald L. Tveterås (red.): *Rogaland rister runer*. 1942

Vegard Sletten: *Fram stig Rogaland*. 1943

Anders M. Andersen (red.): *Stavanger forteller*. 2002

Herman Smitt Ingebretsen: *Sørlandet skriver saga*. 1946

Herman Smitt Ingebretsen: *Sørlandet synger sanger*. 1947

Bjørn Hemmer: *Sørlandet og litteraturen*. 1995

Kåre Glette: *Vestfolds litteraturhistorie 1000–2000*. 2009

Alf Tveterås (red.): *Østfold i litteraturen. Et utvalg*. 1990

Geir Vestad (red.): *Hedmarks forfattere*. 2008

Lars Aas: *Trønderne i moderne norsk diktning*. 1942

Arngeir Berg og Inga E. Næss (red.): *Det er så fagert i Trondhjem. Tekster i tusen år*. 1997

Rolf Thesen (red.): *Lofoten i norsk litteratur og kunst*. 1956

¹⁵ Prosjektet er leidd av direktør Ottar Grepstad i Nynorsk kultursentrum.

<http://www.haugesenteret.no/jaa/no/aktuelt/ohh/no/aktuelt/Museum+som+minnepolitiske+akt%C3%B8rar.d25-SxlrI37.ips>, lesedato 13.12.2016.

¹⁶ <http://www.haugesenteret.no/filestore/PDF/Minnepolitikk/346Minnepolitikkprosjektomtalar.pdf>, lesedato 13.12.2016.

¹⁷ <https://traum.hisf.no/index.php/traum-forfattarmuseum-i-endring/>, lesedato 13.12.2016.

Nils Magne Knutsen: *Fra Ottar til Oluf. Artikler om nordnorsk litteratur*. 1991
Finn Stenstad: *Frem fra de hundrede mile. Nordnorsk litteratur fra 1945 til 1992*. 1992
Hilde Diesen: *Dikterhus*. 1994
Gry Waage (red.): *Norge rundt på verseføtter*. 1986

Frå dei siste femti åra er dei store oversynsverka *Bygd og by i Norge* ganske eineståande med sine innhaldsrike band om kvart fylke. Gunnar Hagen Hartvedt redigerte bandet om *Hordaland og Bergen* som kom ut i 1976 med eit kapittel av Carl O. Gram Gjesdal om «Fragmenter fra kulturlivet».

Den moderne vegbokklassikaren er *Kulturhistorisk vegbok for Hordaland*, utgitt i 1993. Her er mange litterære stader med, men ikkje systematisk, og som regel med knapp omtale. Det skil seg også mykje kva som er med av litterære minemerke elles.

Hedmark fylkeskommune og fylkesbibliotek spelte ei viktig rolle i arbeidet med boka av Geir Vestad. Det same har Sogn og Fjordane fylkesbibliotek gjort dei siste åra ved å utvikle ei informativ nettside med biografier og bibliografier om forfattarar frå Sogn og Fjordane. Hovudvekta ligg på skjønnlitteratur, og utvalet er ikkje-prioritert.¹⁸ I samband med dette laga velinformerte Ove Eide *Den litterære fylkestoppen. Ei vandring gjennom litteraturen i Sogn og Fjordane gjennom dei siste hundreåra – og eit framlegg til ein litterær fylkeskanon*. Framlegget blei presentert i desember 2016, og vandringa enda i ein kanon med 12 forfattarar.¹⁹

Til hundreårsjubileet i 2017 arbeider Bergen offentlege bibliotek med eit liknande prosjekt om 100 bøker, som biblioteket kallar «den aller beste og viktigste litteraturen». Målet med prosjektet *Til Kjernen* er «å øke bevisstheten om litterær kvalitet, både eksternt og internt i organisasjonen. I dagens mediebilde møter vi et stadig mer utvannet og flyktig kvalitetsbegrep. Vi ønsker å stille spørsmål ved dette, og å tydeliggjøre bibliotekets rolle som formidlere av den gode og bevaringsverdige litteraturen. Underveis ønsker vi å holde litteraturarrangement og debatter med kvalitetsbegrepet i fokus.»²⁰

Felles for dei to prosjekta er ei offisiell posisjonering av bestemte titlar i offentleg regi.

Nordisk og norsk litteraturnettverk

På slutten av 1990-talet gjekk museum i heile Norden saman om å etablere nettverket Litterære museum og komponistheimar i Norden. Dette har heile tida vore eit laust nettverk utan fast leiing over tid, og det har ført til at samlingar som i førstninga blei haldne med tre års mellomrom, har stoppa opp. Kode Komponisthjemmene er med i nettverket, likeins Hauge-senteret gjennom Nynorsk kultursentrum

I 2008 oppretta Nynorsk kultursentrum det nasjonale Litteraturnettverket for litterære museum i Noreg. Nettverket skal «utvikle aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar som legg vekt på kritisk refleksjon og skapande innsikt, og som gjennom samarbeid styrkjer språkets, litteraturens og musikkens plass i Noreg».²¹ 14 museum og organisasjonar er med i nettverket (vedlegg 1).

¹⁸ <http://forfattarar.sjf.no>, lesedato 22.12.2016.

¹⁹ <http://forfattarar.sjf.no/wp-content/uploads/2016/12/kanon-ove-eide.pdf>, lesedato 21.12.2016.

²⁰ <https://bergenbibliotek.no/inspirasjon/litteratur/til-kjernen/til-kjernen>, lesedato 25.2.2017.

²¹ *Arbeidsplan for Litteraturnettverket 2011–2014*, s. 14.

Musea i nettverket forvaltar liv og verk etter 20 forfattarar og komponistar. Tre komponistar og ein forfattar er særleg knytte til Hordaland: Ole Bull, Edvard Grieg, Harald Sæverud og Olav H. Hauge.

Fleire museum og museumsliknande institusjonar formidlar og forvaltar arv etter forfattarar utan å vere med i Litteraturnettverket. I Hordaland gjeld dette Bymuseet i Bergen med Holbergmuseet og Sunnhordland museum med Jens Tvedt-heimen.

Utanom Aasen-tunet og Hauge-senteret arbeider alle musea i nettverket med enkeltdiktatarar og deira verk. Dei er personmuseum som presenterer biografi, bibliografi og ofte enkeltverk som synleggjer koplinga mellom forfattarskap, liv og stad.

I dette med profilen til musea ligg det òg ei viktig problemstilling som må handterast når ein fylkeskommune vil prioritere forvaltning av kunstnarheimar. Det å dyrke det lokale ved forfattaren kan vere med og redusere diktaren og verka til eit lokalt fenomen. Det ligg ei utfordring i å gjere diktarmuseum tilgjengelege for folk i dag ved å gjere dei relevante for eit større publikum enn dei som dreg på pilegrimsferd til heimane.

2 Det litterære landskapet i Hordaland



Omslaga til tre klassikarar i norsk regional litteraturhistorie.. Foto: Nasjonalbiblioteket

Det litterære landskapet i fylket har vore prega av eit sterkt litterært miljø i Bergen og av sterke enkeltdiktarar frå bygdene i Hordaland. Dette har ikkje stått i motsetnad til kvarandre, men har saman vore med på å gjere fylket til eit sentralt litterært fylke i Noreg. Sentrale diktarar frå nesten alle tider, sjangrar og retningar i norsk litteraturhistorie har budd og verka i Hordaland.

Dikting som stadfesting og kritikk

Dikting er først og fremst idear, tenking, estetikk, den er allmenn, og den er individuell. Staden stengjer korkje for det universelle eller det spesielle i diktinga, men kan opne tekstar og forfattarskapar for folk som ferdast på dei stadene litteraturen er knytt til.

All tekst kjem frå ein enn stad. Slik sett, men berre, slik, heng stader og tekstar saman. Diktinga blir til i eit miljø, skriven, skriven om og lesen på faktiske og abstrakte stader. I dette ligg at stader kan gi nye perspektiv til litteraturen, og at litteraturen kan gi nye perspektiv på staden.

Litteraturvitaren Sigrid Bø Grønstøl skriv i *Vestlandets historie*: «Det har handla mykje om heimbygda i litteraturen på Vestlandet. Topografane kartla landskapet og ressursane, naturlyrikarane hylla henne, heimstaddiktarane kritiserte henne, amerikadiktarane reiste frå henne, modernistane forsvarte henne mot overmakta, og postmodernistar sørgjer over at ho er borte.»²² Ho syner med dette at staden har ulike funksjonar i ulike tekstar og i ulike forfattarskap. Av og til er landskapet og folket tydeleg til stades, men kanskje like ofte ikkje. Grønstøl framhevar det geografiske utgangspunktet som viktig for mange forfattarskapar på Vestlandet.

²² Sigrid Bø Grønstøl: «Vestlandslitteraturen» i Knut Helle ofl. (red.): *Vestlandets historie. Bind 3. Kultur*, Bergen 2006, s. 196.

Sitatet ovanfor er eit godt argument for at formidlinga av litteratur knytt til stader og stader knytt til litteratur er ein fruktbar måte å formidle litteraturhistorie, forfattarskapar og litterære tendensar på i Hordaland – også.

I artikkelen «Litterære landskap» drøftar Idar Stegane korleis landskapa er forma i diktinga, og diktinga er forma i landskapa i Hordaland.²³ Han opnar med skildringane av folk, landskap og hendingar i dei norrøne sogene, som Sverresoga, og i topografisk litteratur frå 1600- og 1700-talet der biskopar og prestar skildra folk og land. Vidare går han gjennom landskap for landskap i Hordaland og plasserer forfatarane på dei stadene der dei har budd og/eller arbeidd.

Artikkelen var ein del av *Kulturhistorisk vegbok for Hordaland*. Gjennom rutene i heile fylket blir kulturhistoriske linjer i landskapet trekte frå dei første kjende tekstane til skriftene i samtida.²⁴ Koplingane mellom dikting og stader varierer. Forfattaren Jonas Lie budde nokre få ungdomsår i Sunde, og hans ord frå romanen *Gaa paa* frå 1882 blir brukte til å syne kva slags bygd og bygdefolk det er i Sunnhordland. Vidare blir diktinga til mellom andre Torborg Nedreaas, Per Sivle, Amalie Skram, Aslaug Låstad Lygre, Sjur Bygd og Olav Nygard brukt til å skildre landskap, historie og personar.

«Men den som framfor nokon har odla dette kulturlandskapet, både det ytre og det indre er Olav H. Hauge. Han fører ein ny dimensjon til landskapet, og han gjev plass til ein djupare resonans», heiter det i *Kulturhistorisk vegbok for Hordaland*.²⁵ Diktaren speglar altså ikkje berre landskapet og bygda, men gir også ny forståing og nye perspektiv til landskapet. Diktinga er noko eige, noko verdifullt å ta vare på i seg sjølv, men som i landskapet får ein stad å høyre til.

Forfattarskapar handlar ikkje berre om Hordaland, heimar og stader aleine. Dei geografiske, namngitte stadene treng ikkje ein gong vere viktige. Ludvig Holberg og Jon Fosse er meir ein del av verdslitteraturen enn av ein regional kulturarv. Det finst berre nokre få faktiske stadnamn i alt Fosse har dikta, og Dorothe Engelbretsdatter og Amalie Skram er like mykje nasjonale pionerar som Bergens-forfatarar.

Kremasjonspapira for sistnemnde er daterte 19. september 1900. Der slo Skram fast at det på urna hennar skal stå «Bertha Amalie Alver Skram. Dansk borger, dansk undersåt og dansk forfatter».²⁶ Ho tok tydeleg avstand til Bergen og Noreg. Samstundes er til dømes *Hellemyrsfolket*, som eit tydeleg naturalistisk verk med utgangspunkt i nettopp Bergen og Strilelandet, knytt geografisk til området forfattaren er frå. Trass i hennar personlege avvising av staden er litteraturen framleis knytt til heimbyen og fylket.

Forfatar Gunnar Staalesen har vore ein viktig formidlar av Amalie Skram sitt forfattarskap i årevis. «*Hellemyrsfolket* las eg første gongen då eg var 20 år. Då var eg på veg til å utvikle meg som forfatar sjølv, og eg såg gjennom hennar innleving i sine personar og måten ho nytta eit landskap på er noko den dag i dag har tatt lærdom av», sa han i eit intervju med NRK TV 18. februar 2014.²⁷

Staalesen dreg fram det ekte, ærlege og fattige livet i dei faktiske gatene, torga og hammene når han formidlar Amalie Skrams dikting. Det viktige for han er Skrams bruk av stader i litteraturen og bakgrunn frå den byen som han sjølv er frå. Skram skyv derimot tilknytninga til Hordaland unna ved å flytte – og gjennom det nemnde testamentet.

²³ Idar Stegane. «Litterære landskap» i Nils Georg Brekke (red.): *Kulturhistorisk vegbok Hordaland*, Bergen 1993.

²⁴ Nils Georg Brekke (red.): *Kulturhistorisk vegbok Hordaland*, Bergen 1993, s. 193, 195, 210, 328, 352 og 360.

²⁵ Nils Georg Brekke (red.), same staden, s. 358.

²⁶ <http://www.bt.no/kultur/Skrams-oppgjor-med-Norge-selges-62754b.html>, lesedato 14.12.2016.

²⁷ Sjå bl.a. <https://tv.nrk.no/serie/bokprogrammet/MKTF01000314/18-02-2014#t=0s>, lesedato 23.12.2016.

På oppdrag av Dagbladet skreiv Jon Fosse eit dikt til *Viglemmerikke.no*, ein minneportal etter terroren 22. juli 2011. Diktet «Lysande andlet» skil seg ut frå den andre diktinga til Fosse. Her namngir han både Oslo og Utøya. Stadnamn frå Hordaland er derimot ikkje å finne i diktinga hans. Likevel kan denne forfattarskapen også formidlast gjennom typiske stader som markeringspunkt for det han legg vekt på. Sjølv om stadfestinga altså knapt er der i forfattarskapen hans, er diktinga hans likevel knytt til regionen på fleire vis, frå nynorsk som skriftspråk til arrangementet Fosse-dagane i Strandebarm.

Norsk litteraturhistorie sett frå Hordaland

Mange viktige namn i norsk skjønnlitteratur er knytte til Hordaland gjennom at dei er frå eller har budd i fylket og pregar sentrale delar av norsk litteraturhistorie. Det kan vere mange årsaker til at Hordaland har såpass mange viktige diktarnamn.

Ei av årsakene er at Bergen har vore eit viktig alternativt intellektuelt sentrum til Oslo. Fleire viktige kunstnarar og tenkjarar har kome frå viktige embetsmanns- og tenkjarmiljø, eller vore elevar og studentar i byen, eller vore prega av den internasjonale kontakten Bergen har hatt mot omverda.

Eit anna poeng er Hordaland som eit viktig fylke for utvikling og spreiring av nynorsk skriftkultur. Heilt sidan Ole Utne debuterte med skodespelet *Et frieri i Hardanger* på dialekt i 1853 og Bernhardine Catharine Brun skreiv *Nogle Decemberfrembringelser i Landsmaalet frå det sydligste Søndhordland* 1856 i 1857 via diktinga til Olav H. Hauge fram til 2015 då både Jon Fosse fekk Nordisk råds litteraturpris for trilogien *Andvake, Olavs draumar* og *Kveldsvævd*, og Einar Økland tok imot Brages ærespris for forfattarskapen sin, har forfattarar frå Hordaland vore føregangspersonar for lyrikk, dramatik og prosa på nynorsk.²⁸

«Nynorsk skriftkultur er under press, men i Hordaland dominerer nynorsk mange stader, både i skule, kyrkje, næringsliv og organisasjonsliv. Det er viktig å stø opp om bruken av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk», står det i *Regional kulturplan for Hordaland*.²⁹ Sjølv om det er få nynorske institusjonar i Hordaland, er det mange sentrale nynorske diktarar i Hordaland.

Ein tredje faktor er at fylket gjennom store delar av norsk litteraturhistorie har hatt forfattarar som representerer sentrale straumdrag i samtidslitteraturen. Dorothe Engelbretsdatter var ein pioner i bruk av morsmålet og germanske rytmeprinsipp i den religiøse diktinga. Ludvig Holberg veg framleis tungt i opplysingstidas dramatik. Amalie Skram var med på å skape den moderne romanen. Olav Nygard blei tidleg ein del av den norske lyrikk-kanon, som også Olav H. Hauge vart etter kvart, Zinken Hopp var med og fornya barnelitteraturen. Georg Johannesen prega den litterære samtida si både som litteraturvitar, kulturkritikar og forfattar.

Lesarane kan knyte ein forfattarskap sterkare til stader enn det er biografisk grunnlag for. Marit Eikemo og Frode Grytten bur i Bergen. Lars Ove Seljestad bur i Bærum. Likevel blei alle tre kalla Odda-forfattarar. Dei er jo frå Odda.

Dei to fotografia av Eikemo, Grytten og fedrane deira på side 7 er frå Litteratursymposiet i Odda i 2015. Då var *Heim* tema for festivalen. Ingerid Jordal

²⁸ Ottar Grepstad: *Skjønnlitteratære debutantar på nynorsk og dialekt. Eit kapittel i nynorsk litteraturhistorie*. 2. opplaget, Ørsta 2016.

²⁹ *Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025*, s. 61-62.

fotograferte både dei tre nemnde diktarane og tre sakprosaforfattarar og prøvde på den måten å finne ut av forholdet mellom forfattar, heim og forfattarskap.³⁰

Gro Holms store verk frå Odda i 1930- og 40-åra var gløymt av dei fleste då Odda-forfattarane blei eit omgrep, kanskje særleg med romanane *Bikubesong* av Frode Grytten i 1999 og *Blind* av Lars Ove Seljestad i 2005. Grytten og Seljestad skriv bøker som både geografisk, politisk og sosialt er plasserte i byen Odda inst i fjorden midt mellom industrialiseringa og det postmoderne samfunnet. Dei populære forfattarskapane og den stadbundne identiteten har vore berande for Litteratursymposiet i Odda, mellom anna med litterære vandringar i byen og på det nedlagde smelteverket.

Så er det slik at Frode Grytten voks opp på garden Hjøllo utanfor Odda. Diktinga hans er altså i stor grad lagd til fabrikkane, bustadene, vegane, plassane og butikkane i sentrum. Dei stadene han har dikta om er nok viktigare enn barndomsheimen for å forstå forfattarskapen og banda mellom forfattarskap og stad. For å nytte Finn Jors ord: Det er kanskje like gjerne Odda by og smelteverket som er spegelen og ankerfestet i Gryttens litteratur som det er barndomsheimen på Hjøllo eller leilegheita i Bergen.

Dokumentasjon av levande og døde

Eit utval av sentrale Hordalands-forfattarar i litteraturhistoria viser breidda i denne diktinga (vedlegg 2). Lista kunne ha vore lenger, men det viktige er at der er svært mange forfattarskapar i norsk skjønnlitteratur som kan vere emne for formidling på ulike stader i Hordaland.

Det same gjeld for diktarane i vår eiga tid.³¹ Å rangere samtidsdikting bør aldri gjerast i form av ei kanoniserande framstilling, men oversyn over ein del sentrale forfattarskapar kan tene til å vise kva det handlar om. Difor er det sett opp to slike lister for forfattarar som har debutert dei siste 50 åra, ei for nynorsk, ei for bokmål (vedlegg 3 og 4). Å gjere diktarar med tilknytning til fylket synlege på denne måten, kan auke kjennskapen til litteratur i fylket, styrkje interessa for denne diktinga, forankre litterære satsingar i regionen og bygge litterær, regional identitet. Det er samstundes kritisk viktig at ingen forfattarskap blir avgrensa til å vere et regionalt fenomen. Alle gode litterære testar peikar ut over slike rammer.

Samtidslitteraturen endrar seg heile tida, og det ville vere lett å lage to andre lister med ein annan profil. Det dreiar seg ikkje først og fremst om kven som står på listene, men at Hordaland på ein eller annan måte er eit litterært referansepunkt i mange forfattarskapar. Diktarane sjølve treng ingen slike lister, men å vite kven nokre av desse er, stadfestar verdien av både diktinga og diktarstadene.

Det var vel så lett å lage lista over nynorskdiktarar som bokmålsdiktarar. Det har å gjere med at det litterære miljøet i fylket er godt språkdelt innanfor ein litterær fellesskap. Listene er eit utval, og andre kunna ha laga andre utval, men vi har lagt vekt på ei god fordeling mellom kvinner og menn i samtidslitteraturen. Mellom dei samtidslitterære forfattarane i vedlegg 3 og 4 er det 25 kvinner og 45 menn, medan det er ni kvinner og 38 menn blant dei historiske diktarane i vedlegg 2.

³⁰ <http://ingeridjordal.no/>, lesedato 21.12.2016.

³¹ Sjå m.a. medlemmer i Norsk forfatterforening, <http://www.forfatterforeningen.no/medlemmer-b>, Norsk forfattersentrum <http://www.forfatterkatalogen.no/fylke/hordaland/> og oversyna <http://bergenbibliotek.no/litteratur/vestlandsforfattere> og <http://www.stordbibliotek.no/leseinspirasjon/lenkar/sunnhordlandsforfattarar/>.

3 Diktarheimar i Hordaland



Garden Krossen, der Olav Nygard, vart fødd. I forgrunnen står eit minnesmerke sett opp av Modalen kommune. Foto: Modalen kommune

Få av dei historiske forfattarskapane i Hordaland vert formidla gjennom litterære museum eller utstillingar. Berre to av dei har offentleg finansierte museum med faste utstillingar og formidlingstiltak som ber deira namn. Det er Holbergmuseet og Hauge-senteret. I tillegg er det eit titals andre formidlingsstader og godt over 20 minnesteinar i fylket. Nye prosjekt er under utvikling.

Holbergmuseet i Bergen

Holbergmuseet opna i 2008. Det er ein del av Bergen skolemuseum og held til i det gamle latinskulebygget i Lille Øvregate. Museet vert drifta av Bymuseet i Bergen. Holberg gjekk på Bergen Latinskole og murane i bygget er frå den tida han gjekk der. Ein annan tidlegare elev ved skulen, Johan Sebastian Welhaven, vert òg så vidt presentert i utstillinga.

Det at Holbergmuseet ligg i skulen Holberg og Welhaven gjekk på er eit interessant poeng i seg sjølv. I biografiane etter mange av forfattarane er nettopp skulemiljøa framheva som viktige møtepunkt med litteratur, litterære miljø og andre skribentar. Blant skulane som er særleg ofte nemnde er Bergen katedralskole, Stord seminarium og Voss landsgymnas, på same måten som Skrivekunstakademiet i Hordaland.

At Holbergmuseet blei plassert i ein skule, kjem nok først og fremst av at nokon heim ikkje er bevart. Muren etter barndomsheimen blei øydelagd då Comfort Hotel Holberg i Strandgaten blei bygt. Dermed var dei siste materielle minna etter den store dikteren frå

opplysingstida i Bergen borte, og i Holbergmuseet er ingen materielle minne stilt ut. Museet har oppstått som eit ønske av å få fram koplinga mellom den store forfattaren og byen for turistar og skuleborn.

Hauge-senteret i Ulvik

Hauge-senteret tok form som idé frå 2000 og blei realisert i regi av Nynorsk kultursentrum frå 2011. Nynorsk kultursentrum blei skipa i 1993 og er «ei ideell stifting med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur. Stiftinga skal kunne eige og drive språklege og litterære dokumentasjons- og opplevingssenter, festivalar, digitale tenester og forretningstiltak som er med og oppfyller dette føremålet», som det heiter i § 1 i vedtektene.

Eit av desse dokumentasjons- og opplevingssentra er Olav H. Hauge-senteret, som held til i det tidlegare heradshuset i Ulvik. Senteret er eit museum for lyrikk i mange former og på tvers av språkgrenser. Formålet for driftsavdelinga er altså avgrensa etter sjanger og ikkje etter person, tid eller stad.

Basisutstillinga på senteret opna i 2014. Utstillinga presenterer Hauge, boksamlinga hans og lyrikk i mange former og på tvers av språkgrenser. Her er blant anna songlyrikk trekt fram. Av Hordalands-forfattarar som er presenterte i basisutstillinga, er Jon Fosse, Hans E. Kinck, Ruth Lillegraven, Olav Nygard, Erlend O. Nødtvedt, Lars Vaular, Lars Amund Vaage og Einar Økland.

Den opne inngangen til kva lyrikk og lyrikkformidling er kan vere med på å gjere Hauge-senteret og tiltaka i regi av det, relevante over lenger tid og til fleire målgruppe enn tilhengjarskaren til Hauge. I Hauge-senteret er det først og fremst boksamlinga til Hauge, med om lag 6 000 skrifter, som utgjer dei materielle minna etter forfattaren.

Diktarheimen til Olav H. Hauge (1908-1994) på Øvre Hakestad, gnr. 52 bnr. 5, i Ulvik er i privat eige. Garden er barndomsheimen og slektsgarden til mor til dikteren, Katrina Hauge, fødd Hakestad. Olav H. Hauge er fødd og oppvaksen på garden. Katrina Hauge og mannen Håkon Hauge skøyte bruket sitt over på eldste sonen Pål i 1935. Dei skøyte frå teigen Rossvoll (bnr. 28) og bygde seg kårhus og lóa i 1936. Dei budde her til 1954. Bruket vart i 1940 overført til borna Olav H., Anna og Oddmund. Diktaren Olav H. Hauge var utdanna gartner og han dreiv Rossvoll med fruktdyrking fram til 1980 då han overlét drifta til hovudbruket. Olav H. budde på Rossvoll til han døydde i 1994. Rossvoll vart ført tilbake til hovudbruket gnr. 52 bnr. 5, eigd av Tove Forshaug Kolås og Stein Olav Hauge Kolås. Han er barnebarn til Pål Hauge, bror til Olav H. Hauge. Tove og Stein Olav har drive kulturformidling frå garden sidan 1994. Rossvoll er open for omvising etter førehandstinging frå grupper og enkeltpersonar.

I samband med Ulvik poesifestival, som vert arrangert kvart partalsår, har Hauge-senteret lyrikkarrangement på garden i samarbeid med familien Hauge Kolås.

Jens Tvedt-heimen i Kvinnherad

Sunnhordland museum eig og driv Jens Tvedt-heimen i Omvikdalen i Kvinnherad. Utanom Nynorsk kultursentrum er Sunnhordland museum det museet som har den mest omfattande litteraturformidlinga i fylket.

Det er ikkje noko fast formidlingstilbod knytt til heimen, men etter oppgraderingar av bygning og infrastruktur hausten 2016 er det lagt til rette for auka formidlingsverksemd i framtida. Til heimen er det eit tilhøyrande interiør frå tida Tvedt budde i Stavanger. Dette gjer Jens Tvedt-heimen til den einaste komplette forfattarheim-samlinga eigd av eit museum i Hordaland.

Denne heimen er eigd av og tatt vare på av Sunnhordland museum. Med andre ord har nokon ein gong meint at dette var ein heim som er ein viktig del av kulturarven vår. Kjelder på Sunnhordland museum fortel at det ikkje er dei bygningsmessige kvalitetane som har vore grunngjeving for å ta vare på bygningen, men at han er knytt til Jens Tvedt.

Det er riktig at Tvedt er fødd i Omvikdalen i 1857. Vi veit at han i ungdomen i periodar budde i Rosendal for å gå på ungdomsskule og arbeide som sekretær. Frå 1876 veit vi heilt sikkert at han flytta til Stord og gjekk på Stord seminar. Her vart han nynorskmann og han publiserer for første gongen tekstar offentleg som redaktør for bladet *Gjengangeren*. Vidare er han lærar i Fana og Mauranger før han ein kort periode på tre år bur i heimbygda igjen. Idet han dreg frå Omvikdalen i 1882 buset han seg i Stavanger for godt. Det er først tre år etter det han får publisert sine første verk på eige forlag i Stavanger.

Ingenting vert gitt ut medan han bur i Omvikdalen. Mest sannsynleg er ikkje noko av det Tvedt har gitt ut skrive i barndomsheimen hans. Likevel er heimen tatt vare på som diktarheim. For Tvedt sitt vedkomande kan det likevel vere eit poeng. Diktinga hans finn stad i eit Sunnhordlandslandskap og personane har karaktertrekk frå området. Tvedt har ved fleire høve blitt løfta fram som ein av dei første og fremste heimstaddiktarane.³² Heimstaden hans er difor kanskje viktigare frå eit litterært perspektiv enn eit reint biografisk perspektiv på kva ein diktarheim er.

Forfattarskapen til Tvedt er ikkje særleg sentral i dag. Det at heimen har vore tilgjengeleg som museumsarena, har kanskje vore med og halde på minnet om han i regionen, men har nok i svært liten grad styrkt formidlinga av Tvedt nasjonalt eller internasjonalt.

Derimot har romanane hans fått nytt liv og nye publikumsgrupper ved at formidlingsleiaren ved Sunnhordland museum har gjort dei om til forteljeframføringar. *Djup jord*, *Vanheppa*, *Brite-Per*, *Madli und' apalen* og *Guds løn* blir stadig fortalde på ulike arena i Sunnhordland, særleg for eldre, men også for ungdomsskuleelevar gjennom Den kulturelle skulesekken.

Per Sivle på Voss og i Aurland

Etter Per Sivle er det òg noko fast stadleg formidling. Sivle er fødd i noverande Aurland kommune, men vaks opp på garden Brekke på Stalheim i noverande Voss kommune. Formidlinga er likevel ikkje knytt til garden Brekke, men til garden Sivle der han har namnet sitt frå og bestemora budde medan han vaks opp og visstnok skal ha lært å lese. Begge gardane er i privat eige. Eigarane av garden Sivle formidlar dikteren som ein del av gardsturismen på bruket.

På både Rossvoll og Sivle blir dikteren og diktinga nytta som ein del av marknadsføringa av gardsdrift og -turisme. Det er ikkje eit kulturelt eller musealt utgangspunkt for formidlinga, men ein del av identitets-, merkevare- og familieminnebygginga til dei som driv gardane.

Dorothe Engelbretsdatter og Amalie Skram i Bergen

Dorothe Engelbretsdatter er den andre forfattaren i Hordaland der kunstnarheimen er tilgjengeleg for formidling på museum. Heimen, som ho bygde etter at ho vart enkje, er flytta til friluftsmuseet Gamle Bergen museum. Interiøret er ikkje tatt vare på og det finst ikkje andre minne etter ho enn fasaden på huset. Ved omvisingar i museet plar dei nemne at

³² Mellom anna i Idar Stegane: *Det nynorske skrifflivet.*, Oslo 1987.

bygget vart nytta av Noregs første profesjonelle forfattar, men det er ingen fast utstilling eller eigen formidlingsverksemd knytt til forfattarskapen.

Det er elles gjort lite ut av dette bygget som litterært kulturminne på museet. Det er sjølvsagt høve til å framheve andre emne i samband med Dorothe Engelbretsdatter. Kvinnelege forfattarar er eit openbert døme. Religiøs litteratur frå Hordaland er eit anna. På begge desse felta er mykje ugjort.

Det er andre måtar å knyte stader og dikting saman på enn å drive museum eller omvisingsverksemd på garden. Under byvandringane til Gunnar Staalesen på Nordnes i Bergen peikar han særleg på bustadene og forfattarskapen til Amalie Skram.

Andre litterære stader i fylket

I *Bergen* er òg fleire forfattarheimar merka med plakettar. Dette gjeld mellom anna heimar og stader knytte til Johan S. Welhaven, Arnulf Øverland, Bjørnstjerne Bjørnson, Nordahl Grieg, Torborg Nedreaas og Amalie Skram.

I *Modalen* er det ein minnestein etter Olav Nygard ved barndomsheimen hans.

Kinck-huset i *Strandebarm* er ein kulturstad med lang historie. Her voks Hans E. Kinck opp, og frå området og miljøet henta han stoff til noveller og skodespel. Med Johan Storm Munch som drivkraft har *Kinck-dagene* i Strandebarm frå 1988 hatt Kinck-huset som sin hovudarena. Til 150-årsjubileet i 2015 blei programmet utvida i samarbeid med Kvam herad, Hordaland fylkeskommune og Hardanger og Voss Museum. Kinck-huset er ope for publikum i sommarsesongen, og på privat initiativ har det vore gjennomført kulturarrangement og formidlingstilbod til skuleelevar.

På Heggland i *Tysnes* får bussturistar vite at forfattaren Johannes Heggland var frå den garden guiden peikar på.

Sunnhordland Museum på *Stord* har ei rekkje forteljarteaterframsyningar med utgangspunkt i diktinga til Jens Tvedt og Johannes Heggland. Desse har vore på turné på både sjukeheimar og i skular og barnehagar.

I museumsparken på *Stord* er det laga ei skulpturløype basert på Dustefjerten-forteljningane til Rune Belsvik med tilhøyrande formidlingstilbod for barnehagane og skulane i Sunnhordland.

I samband med utstillings-, skuleformidlings- og dokumentasjonsprosjekt om *Valen sjukehus* har Sunnhordland Museum også arbeidd med Olav H. Hauges forfattarskap. Museet samarbeider med den nynorske barnebokfestivalen Falturiltu og med Ryfylkemuseet med formidling av historisk og nyare nynorsk barne- og ungdomslitteratur.

Samtidige forfattarskapar vert sjeldan formidla med utgangspunkt i heimen, men også her er det unntak. I *Odda* har det i samband med Litteratursymposiet i Odda vore litterære omvisingar med utgangspunkt i forfattarskapane til Frode Grytten og Lars Ove Seljestad.

Minnesteinar

Diktarheimar har ein autentisitet som minnesteinar manglar, og minnesteinane kan stå heilt andre stader enn det som kan reknast som diktarheimen til vedkomande. Likevel er desse minnepolitisk viktige fordi dei plasserer diktarar i det offentlege rommet, synlege for alle, og plasserer forfattarane i ein offentleg minnekultur.

Det er ikkje lett å lage eit komplett oversyn over slike minnestader, men i Hordaland er det iallfall meir enn 20 (vedlegg 5). Halvparten av dei er å finne i Bergen. Særleg i første halvdel av 1900-talet var det å reise minnesteinar ein av berebjelkane i minnepolitikken her til lands.

Digitale skriftstader

Bergen offentlige bibliotek har over tid bygt opp ein omfattande geografisk-litterær dokumentasjon samla på nettsida *Vestlandsforfattere*. I februar 2017 var 215 forfattarar frå Nordfjord i nord til Dalane i sør presenterte, omtalte som «forfattere med tilknytning til Vest-Norge».³³

På same måten har biblioteka i Sunnhordland gått saman om den digitale dokumentasjonen *Sunnhordlandsforfattarar*. Der var 44 forfattarar omtalte i februar 2017, nokre med utfyllande stoff.³⁴

Allkunne.no har publisert artiklar om og bilete av fleire historiske og samtidige forfattarar frå Hordaland med størst vekt på dei forfattarskapa som er ein del av den nynorske skriftkulturen.³⁵ Det kjem nye artiklar kvart år.

Nye minnestader og diktarheimar?

Diktarheimane i Hordaland, som elles i landet, er blitt til gjennom personlege initiativ, lokalt engasjement, vurdering av litterær tyngd og posisjon, forholdet mellom diktning og stader, og kanskje ei oppfatning om at ein slik minnestad tilfører forfattarskapen ein meirverdi i ettertid. At ein forfattarskap lever på folkemunne, vil ofte ha mykje å seie. Svært få av dei historiske forfattarskapane i vedlegg 2 er av det slaget anno 2017.

I samtidslitteraturen er der fleire aktuelle.

Diktarane Lars Amund Vaage og Hanne Bramness tok kring 2010 initiativet til *Sunde kyst- og litteratursenter i Kvinnherad*. Dels er dette knytt til forfattarskapen til Ragnvald Vaage, dels til det sonesonen Lars Amund har skapt, og Hanne Bramness, men senteret ser først og fremst mot kystkultur generelt og får med det eit vidt og dynamisk arbeidsfelt. I det prosjektet er litteraturen ein integrert del av kystkulturen. Det gir eit anna perspektiv enn andre litteratur- eller kulturhistoriske senter i Hordaland.

Å utvikle ein politikk for diktarheimar inneber også å ta høgd for at nye diktarheimar og/eller minnestader kan eller bør etablerast. Til vanleg tek slikt arbeid til når forfattaren er gått bort. Resultatet kan få heilt særskilde kvalitetar viss arbeidet kjem i gang medan forfattaren enno skriv og lever i beste velgåande. At ein diktar passerer 60 år, kan då vere eit passande tidsskilje for slike initiativ. Gjer ein dette for tidleg, kan det få utilsikta følgjer, men det er lett å peike på forfattarskapar som bør følgjast nøye med dette for auga.

Jon Fosse voks opp i *Strandebarm*, distanserte seg seinare frå bygda og staden, men har i seinare tid dempa den avstanden. Ei stadfesting av forfattarskapen hans ved fjorden i Strandebarm står ikkje i fare for å redusere diktekunsten inn i det regionale, men kan gi noko ekstra. Ein bør rekne med at det spørsmålet melder seg med stor tyngd før 2025.

Eit anna slikt prosjekt er *Økland-huset i Sveio*, som per 2017 står i ei særstilling.

³³ <https://bergenbibliotek.no/inspirasjon/litteratur/vestlandsforfattere>, lesedato 19.2.2017.

³⁴ Biblioteka i regionen deler nettsida, til dømes

<http://www.stordbibliotek.no/leseinspirasjon/lenkar/sunnhordlandsforfattarar/>, lesedato 19.2.2017.

³⁵ Per Magnus Finnanger Sandsmark skreiv i desember 2016 delar av denne rapporten og er frå 1.2.2017 redaktør i Allkunne.no

4 Ein stad i samtida: Økland-huset



Einar Øklands arbeidsrom. Foto: Siri Økland

Det er ikkje berre historiske bygg som er stader for skrift. Nye skrifter vert dikta kvart år på mange stader i Hordland. Nokre av desse kan verte viktige stader for skrift også i framtida. Eitt av desse er Einar Øklands veg 136, 5554 Valevåg, der forfattaren Einar Økland bur og arbeider.

Økland-huset

Ved dei mange museumsetableringane på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet var det den nære fortida som var viktigast for musea å dokumentere. Det var om å gjere å samle inn materielle minne før minna kunne forsvinne. Ideen om å stadig dokumentere nye tider, og på den måten kunne nytte samlingane til å stille spørsmål om fortid, notid og framtid innan fleire emne, lever vidare i musea.

Det er viktig å ta vare på litterær kulturarv og gjere han viktig for komande generasjonar ved å fornye og supplere dokumentasjonen av litteraturarven. Det er, som det er peika på i dei førre kapitla, vanskeleg å vite kva som er viktig å ta vare på for framtida. Musea bør, for å skilje seg frå biblioteka, sørgje for at arkivalia, lyd- og videoopptak, materielle minne og minne om tilhøvet mellom diktinga og publikum frå utvalde forfattarar vert tatt vare på, forska i og formidla vidare.

Dei fleste vurderingane av om diktarheimar og samlingar etter diktarar skal verte tatt vare på eller ikkje vert tatt etter at forfattaren har gått bort. Det finst likevel unntak. Eit av dei er Einar Økland. Han har tatt initiativ til ei deling av eigedommen på garden og har bl.a. kontakta Hordaland fylkeskommune, Sveio kommune, Sunnhordland museum og Nynorsk kultursentrum for å sjå på korleis heimen og samlingane kan verte formidla og forvalta i framtida.³⁶

³⁶ Framstillinga vidare byggjer særleg på saksførelegg om Einar Økland-heimen til styret i Nynorsk kultursentrum 10.6.2016.

Våningshuset frå 1915 blei påbygt til generasjonsbustad i 1980-åra. På garden, som var barndomsheimen, er samlingane fordelte lang vegger og i trappeløp i tre hus – våningshuset, løa og ei gamal grindløe som seinare er blitt vinterisolert.

No planlegg ekteparet ettertida, og dei vil ordne alt medan dei sjølve er friske og har råderett over det dei eig. Dei vil bu der så lenge dei kan. Garden er skild frå og overteken av sonen, med velvillig innstilling frå Sveio kommune.

Ekteparet drøftar dermed no forvaltninga av samlingar og enkelte av bygga på garden med blant anna dei tidlegare nemnde aktørane.

Det digitale oppslagsverket Allkunne fortel at Einar Økland er «ein av dei mest allsidige forfatarane i norsk litteratur etter 1945 og skriv helst dei bøkene han reknar med at ingen andre kjem til å skrive.»³⁷ Då Einar Økland fekk Brages heiderspris i 2015 sa juryen:

«Det finnes forfattere som kunne vært nominert i samtlige klasser Brageprisen har. Det er en slik forfatter vi vil hedre i dag. Forfatteren har, gjennom et langt forfatterskap, vist seg som en av våre beste lyrikere, dramatikere, barnebokforfattere, ungdomsbokforfattere, novellister, essayister, romanforfattere og sakprosaforfattere. Ved siden av sitt forfatterskap, har dagens hedersprisvinner vært en viktig litteraturkritiker og konsulent for en hel generasjon forfattere. Forfatteren var også sentral i kretsen rundt tidsskriftet «Profil». Formidling av andres litteratur har alltid vært viktig for hedersprisvinneren vår. Så var han også en av de tre som tok initiativet til å opprette Norsk Forfattersentrum i 1968.»³⁸

Ei samling med mange samlingar

Einar Økland er altså ein viktig diktar og forfatar i fleire sjangrar. Han har òg vore sentral i å organisere, formidle og forvalte norsk litteraturarv vidare.

Eigaren omtalar sjølv samlingane slik: «Nåverande eigar, i samband med si mangeårige verksemd som sakprosaforfatar, har opparbeidd seg ei rekkje kulturhistorisk sett svært viktige samlingar av ulik karakter. Særleg gjeld dette massespreidd barnekultur og norsk bruksgrafikk (emballasje, brosjyrer, postkort, bokmerke, brevmerke, kort- og brettspel, reklame, trykksaker for barn o.l.).»

Ein stor del er populærkultur i industrialismens tid, ein annan del er barnekultur, ein tredje del er publisistikk. Særleg viktig har det vore for han å kunne dokumentere samanhengar mellom modernitet og industrialisme på nynorsk. Å sjå berre ein flik av samlingane hans er å få ei heilt anna forståing av breidda og djupna i ein skriftkultur enn det som til vanleg blir omtalt når skriftkultur er tema.

Blant dei mange delsamlingane kan desse nemnast:

Norske bøker som alle har vore utgivne på *eige forlag* av dei aktuelle forfatarane.

Referanselitteratur spreidd utanfor det vanlege bokhandelsystemet i inn- og utland.

Trykksaker skrivne og utgitt av *nordmenn i eksil* 1940–45 i London, Washington, New York og Stockholm. Blant desse er debutboka av Sigmund Skard, som ingen ordinære litteraturhistorier har fanga opp.

Publikasjonar der *tyske kunstmålarar* har måla norske motiv. Dette tyske materialet presenterer han i boka *Schönes Norwegen* i 2017.

Ei representativ samling norske *biletbøker for born*

³⁷ Ottar Grepstad: «Einar Økland», *Allkunne.no*, <http://www.allkunne.no/framside/biografier/o/einar-okland/111/1325/>

³⁸ <http://brageprisen.no/vinnerne-av-brageprisen-2015/>, lesedato 23.12.2016.

Norske målebøker er ei samling som nok er den største i landet, og han gav ut bok om desse i 2014.

600–800 *klippbøker* (sjølv laga bøker) der eigarane har limt inn og kommentert det som har interessert dei. Her er det ymse papirobject ein elles ville visst lite om. Ei av samlingane kjøpte Økland på loppemarknad i Hong Kong, så der er også innslag frå andre kulturar og samfunn, ei anna er fylt med utklippte dikt frå lokalaviser (mellom andre av Jakob Sande, Herbjørn Sørebo og Berge Furre). Hauge-senteret har ei slik klippbok som Olav H. Hauge laga. Ei anna nemning for dette er *stambøker*, som historisk tek form særleg i Tyskland og England frå tidleg 1800-tal. Dei plasserer seg mellom dagboka og krøniken i fortid og minnebøker i ettertid.

«Ein del obskur litteratur frå Sunnhordland», som han sjølv kallar det.

Fleire spesialsamlingar med *postkort* – den mest uvanlege er ei samling utanlandske postkort med norske motiv. Han har over 70 postkort med Haraldsstøtta i Haugesund, samlar særleg på teikna postkort, og legg særleg vekt på det som på dansk blir kalla *billedhilsen*, og som er eldre enn det masseproduserte postkortet.

Ein variant av dette er *festtelegram*, som Televerket fekk norsk monopol på i 1930-åra. 40 *religiøse veggbilete* frå tida 1880–1910, mest frå Sunnhordland.

Reklame og emballasje i alle format og materialar, ikkje minst blekkbøkar og blekkskilt, og i det heile mykje aksidenstrykk, brosjyrar m.m.

Brettspel i mange fasongar og materiale, medrekna eit byggjesett i betong, utvikla av ei bedrift i Stavanger. Her er også ei stor samling Svarteper-spel.

Småtrykk med norske motiv som kjøpmenn brukte om gaver til kundane, ein skikk som blei utvikla av den tyske sjokoladeprodusenten Stollwerck.

I ei rosemåla kiste ligg ei mappe med *timeplanar* frå det meste av 1900-talet.

Han har truleg ei mangelfri samling av *eigne utgivingar og opplag*, også det legendariske eksemplaret av Times Literary Supplement der Økland i 1971 varsla ein ny gullalder for norsk litteratur.

Ein god del *originale kunstverk* av profilerte kunstnarar, mellom annan ein heil vegg med bilete av Gerhard Stoltz.

Ei temmeleg stor samling grammofonplater, der det norske er viktigast.

Til dette kjem store mengder *arkivalia*:

- Privatbrev frå kollegaer, mellom anna ei stor samling Hauge-brev
- Store mengder konsulentfråsegner om manuskript, til Bokklubben Nye Bøker (hovudkonsulent 1976–1985) og Det Norske Samlaget gjennom meir enn 20 år
- Manuskriptversjon av bøker som blei utgitt, og nokre som truleg aldri kom ut
- Korrespondansearkiv etter tidsskriftet *Basar* – Økland skreiv så godt som alle pressemeldingar og alle avslagsbrev til innkomne manuskript; redaksjonen prenta i prinsippet berre manuskript om var tinga

Einar Økland fekk i si tid ein frakk etter Olav H. Hauge frå Bodil Cappelen. Denne har han brukt ein god del, og han seier no at han vil donere frakken til Hauge-senteret.

Kona Liv Marit Økland har det siste året ordna fotomateriale gjennom mange tiår som dekkjer så godt som heile livet hans.

Digitalt dokumentert og formidla

Utdrag av samlingane blei digitaliserte i regi av Bergen off. bibliotek med støtte frå Kulturrådet i 2010–2011 under tittelen *Einar Økland samling*. Dotter og journalist Siri Økland

har laga eit fint innleiingsintervju til den digitale samlinga, og temaintervju til nokre av dei 11 delkapitla:

- Bokmerke
- Brevmerke
- Ex libris
- Festtelegram
- Glansbilete
- Illustrerte notetrykk
- Norvegiana
- Pakkelappar
- Samlekort
- Utklippetsbøker
- Malebøker

Eit overordna val

Det er altså ei stor og mangfaldig samling som er tatt vare på og dokumentert. *Skrifta og bileta i kvardagen* er ein fellesnemnar for mykje av innhaldet i samlingane. Ein annan merkelapp kunne vere *moderniseringa av Noreg*. Det er fort gjort å definere ein del av dette som sært, men sjeldan kan ein tydelegare vise det spesielle i det allmenne, både i digitale format og vanlege temautstillingar. Desse vil ha ein høg mimrefaktor for somme, vere overraskande for mange, og fagleg heve arbeidet med museal forvaltning og formidling av diktning, litteratur og skriftkultur.

Dei mangfaldige samlingane er interessante for bevaring av mange omsyn. Det eine er at det syner mangfaldet i Øklands kunstnarskap og kulturelle engasjement. Det andre er at samlingane i stor grad fyller ut manglande dokumentasjon av skrift og bilete i kvardagen. Det tredje er at samlingane er med på å opne opp spørsmål om korleis forfattarar og forskarar tenkjer og arbeider med språk, ting og fenomen. Gjennom samlingane til Økland vert det immaterielle arbeidet langt på veg materialisert.

Eit prosjekt under utvikling

Mange av forfattarane som har eige museum etter seg har anten vore ein del av nasjonsbygginga, gjennom dyrking av norske geni som Ibsen, Bjørnsson, Garborg, Hamsun og Undset, eller har særskilt lokalt nedslagsfelt, som Duun og Tvedt. Einar Økland er både ein sentral forfattar i moderne norsk litteratur og har samlingar som i seg sjølv er relevante for å dokumentere og diskutere modernitet, skrift, nasjon og andre tema.

Alle kunstnarheimar behøver ikkje verte museum. Kanskje kan kunstnarheimar ha andre funksjonar enn det. Til dømes har Rossvoll i Ulvik vore festivalarena og gatene Amalie Skram har gått i har fungert som ramme for byvandringar. Begge desse tiltaka koplar dei historiske stadene til opplevingar i sanntida.

Ein måte å nytte Økland-huset, og andre potensielle kunstnarheimar på, er å tilby kunstnar- og forskaroppald i bygga. På den måten kan diktarheimar framleis verte heimar der det vert dikta, og ikkje berre der det vart dikta. Då kan huset og ideane som har vore i huset med dei menneska som har virka der, leve vidare gjennom ny kunst og ny kunnskap.

Økland-huset er ein stad for skrift. Staden og samlinga er meir enn biografisk og geografisk forståing av forfattarskapen. Huset kan verte ein stad for skrift også i framtida om samlingar og idear vert tatt vare på, nytta og formidla.

Både Sunnhordland Museum og Nynorsk kultursentrum avklarar det vidare engasjementet sitt i dette prosjektet sommaren 2017.

Før den tid lagar Nynorsk kultursentrum ei inventarliste for samlingane på grunnlag av samtalar og dokumentasjon, medan Sunnhordland Museum får fram nødvendig kunnskap om bygningar og anlegg.

Går partane vidare, blir det laga ein intensjonsavtale i 2017.

5 Vidare oppfølging



Musikarane Mari Skeie Ljones og Anlaug Børsheim har vore på turné i heile Hordaland med framsyninga *Morgonfrosken* i regi av Hauge-senteret. Framsyninga er basert på boka *Når morgonfrosken syng* av Per Olav Kaldestad. På turné i Kvinnherad tok dei sjølve dette biletet i Kaldestadvegen. Foto: Anlaug Børsheim.

Mange forfattarskapar med røter i Hordaland blir formidla i heile fylket, men det trengst ein heilskapleg plan for å ta vare på forfattarskapane til historiske og samtidsdiktarar. Fylkeskommunen bør saman med musea sjå nærmare på korleis ein kan styrkje museal formidling og forvaltning av diktning, og korleis ein kan vurdere forfattarskapar i samtida for bevaring i framtida. Rapporten skisserer 22 idear og framlegg, peikar på ein overraskande mangel og sluttar med ei tilråding om kva som bør gjerast først.

Ein overraskande mangel

Korleis heimstad og bustad har påverka forfattarskapar, varier frå diktar til diktar og til ulike tider. Historisk kan ein sjå parallelle spor til samfunnsutviklinga frå bygdeliv og tilknytning til primærnæringar til overgang til industistader til ei stadig meir dominerande urbaniseringa og sentralisering i etterkrigstida.

Vi har i denne rapporten peika på korleis kunstnarheimar og diktarbustader kan forvaltast og formidlast i framtida. Nokre av desse tiltaka kan museumssektoren ta eit særskilt ansvar for. Eit viktig element i det vidare vil vere å konkretisere nokre prosjekt og

tiltak som gir ny kunnskap og held diskusjonen om forvaltning, innhald og formidling levande. Som det går fram av rapporten er det fleire aktørar innanfor litteraturformidlinga i fylket som ein bør samarbeide med for å styrkje museal formidling og bevaring av forfattarskapar og kunstnarheimar for framtida.

Det er vanskeleg å vite kva forfattarar og emne som er viktige om 25, 50 eller 100 år. Det einaste sikre er at det endrar seg over tid. På 1800-talet var Kristofer Janson frå Bergen ein av dei fremste forfattarane, og forteljingane hans var grunnlaget for fleire av dei første norske stumfilmene. I 2017 har han forsvunne inn i historia. Jens Tvedts forfattarskap, der heimen i dag er forvalta av Sunnhordland museum, er eit anna døme. Verka hans er mange, og lesarane har vore mange, men no lever verka hans mest gjennom forteljeframsyingar. Dersom bygningane ikkje var tekne vare på, og museet ikkje hadde forvalta litteraturarven frå før, var det lite sannsynleg at nokon ville etablere eit Tvedt-museum eller eit Tvedt-senter i dag.

I dette ligg det fleire utfordringar.

For det første gjeld det å gjere dei ulike diktarheimane relevante i dag gjennom formidling og forvaltning. Dels kan det gjerast ved å jamføre med andre forfattarskapar, dels ved å framheve viktige sider ved liv og verk, dels rett og slett ved å fornye interessa for forfattarskapen.

For det andre må det forfattarskapane som blir tekne vare på, vere representative og relevante for både fortid, samtid og framtid.

For det tredje må den språklege dimensjonen vere med. Vestlandet og Hordaland skil seg frå andre delar av landet ved eit fleirtal av samtidsforfattarane med tilknytning til regionen skriv på nynorsk. Fleire av desse har også utmerka seg både nasjonalt og internasjonalt med litterære prisar og omsetjing til fleire språk. Språk og identitet bør difor også vere ein dimensjon i formidlings- og forvaltningsarbeidet.

Det har altså ikkje vore nokon systematisk minnepolitikk på dette området, som på få andre samfunnsfelt. Der er få litterære museum i Hordaland, og få diktarheimar blir forvalta på museumsfagleg forsvarleg vis. Det som overraskar mest, er at bokmålsdiktarane manglar. Holberg, ja, men han dikta på dansk. Både han og mange andre står på sokkel, men få av dei kan publikum leite seg fram til i landskapet. Ein meir samla minnepolitikk for diktarheimar i Hordaland bør ikkje oversjå bokmålsida av saka.

Samspel mellom aktørar

I Hordaland har både Nynorsk kultursentrum, Bergen bymuseum og Sunnhordland museum samlingar og utstillingar knytte til diktarar, forfattarskap og skriftkultur. Venelag og frivillige eldsjeler kan vere viktige kunnskaps- og formidlingsmiljø, men her må museumsfagleg kompetanse inn dersom forvaltning, drift og formidling skal vidareutviklast og profesjonaliserast. Eit interessant og dynamisk miljø er Skrivekunstakademiet i Hordaland, som med si rekruttering av nye diktarar kan gi nye linjer til etablerte eller historiske forfattarskapar.

Publikasjonar om og av Hordalandsforfattarar vert i stor grad tatt vare på av Hordaland fylkesbibliotek og Nasjonalbiblioteket. Ansvar for arkivmateriale og materielle minne er spreidde på langt fleire aktørar, som Universitetsbiblioteket i Bergen og Statsarkivet i Bergen.

Ein jamførande perspektiv vil styrkje det vidare arbeidet med diktarheimar. Her kan Hordaland fylkeskommune hente mest frå eit samarbeid der ein dreg vekslar på arbeidet

med diktarheimar av typen Jakob Sande-tunet i Sogn og Fjordane, Arne Garborgs Knudaheio i Rogaland og Hans Børli-heimen i Hedmark.

Det kan også ha interesse å følge med på eit prosjekt i Nordland, særleg viss det framhevar diktarheimar og minnestader. I desember 2016 løyvde Nordland fylkeskommune 250 000 til forprosjektet «Litteraturfylket Nordland» i regi av Hamsunsenteret. Målet er «å kartlegge den litterære infrastrukturen i fylket og legge til rette for et samarbeid mellom institusjoner, sentre og museer for å sette Nordland på kartet som litteraturfylket i Nord».³⁹

Derimot rår vi frå at Hordaland fylkeskommune tek noko initiativ retning av å utvikle nokon fylkeslitterær kanon. Det fører lett til at forfattarskapar blir meir avgrensa enn dei bør vere, og det offisielle stampelet som eit fylkeskommunalt engasjement representerer, er kulturpolitisk uheldig. Kva litterære, pedagogiske og andre miljø sjølve ønskjer å gjere, er nokon heit anna. Ein fylkeskommune bør konsentrere seg om diktarheimane og minnestadene.

Det ligg eit potensial i å formidle norsk litteraturhistorie gjennom Hordaland-landskapet. Viktige mannlege og kvinnelege forfattarar frå alle tider og dei fleste trendar, sjangrar, epokar og retningar er fødd i eller har verka i Hordaland. Dette tyder ikkje at det bør vere eit senter, museum eller festival for kvar forfattarskap. Men det tyder at det er mogleg å bygge lokal og regional identitet saman med litteraturformidlinga i fylket. Samstundes bør det vere ein urokkeleg premiss at det vidare arbeidet blir gjort i samarbeid med institusjonar som handhevar sitt faglege sjølvstende. Eit vellykka arbeid med diktarheimar i Hordaland føreset samspel mellom aktørar.

Blir nye formidlingstiltak etablerte, er særleg to grupper underrepresenterte i dagens tilbod: samtidsdiktarar og historiske kvinnelege forfattarar. Nokre tiltak bør prioritere produksjon og formidling av ny kunnskap om desse gruppene, og fleire museum bør vere viktige bidragsytarar. Det samsvarar også med føresetnaden frå Stortinget å prioritere samtidslitteraturen etter 1945. Den føresetnaden har stått i mange tildelingsbrev frå Kulturdepartementet og var med i museumsmeldinga frå regjeringa Stoltenberg i 2009.⁴⁰

Nedanfor presenterer vi 22 idear, moment og tiltak som er relevante for det vidare arbeidet med diktarheimar i Hordaland. Nokre få av desse rår vi til at Hordaland fylkeskommune prioriterer som dei første tiltaka.

1 Biblioteka – ein sentral aktør

I den nasjonale bibliotekstrategien har folkebiblioteka fått ein meir utoverretta formidlingsrolle. Biblioteka får tilført prosjektmidlar for å gjennomføre fleire arrangement og aktivitetar. Nye formidlingsmetodar og utviklingstiltak skal styrkast og biblioteka skal vidareutviklast som læringsarenaer for samarbeidsprosjekt mellom skule-, fag- og folkebibliotek. Dei biblioteka som har viktige forfattarskap i sitt nærrområde bør difor utarbeide formidlingsopplegg og arrangement knytt til desse forfattarane. Dette kan gjelde både historiske og nolevande diktarar. Her bør bibliotek og utvalde museum i Hordaland samarbeide om definerte oppgåver.

2 Dokumentasjon gjennom årbøker

Det er fleire aktørar som utgjer eit viktig grunnlag for kunnskap om forfattarar og det lokalsamfunnet dei operer i. Årbøkene til lokale historie- og sogelag kan vera ei slik kjelde

³⁹ Pressemelding frå Hamsunsenteret, referert i Avisa Nordland 30.12.2016.

⁴⁰ *St.meld nr. 49 (2008–2009) Framtidas museum*, s. 81 ff.

der dei kulturhistoriske hendingane og lokale føresetnadar kan gi verdifull bakgrunnsinformasjon om korleis dei ytre føresetnadane og ulike hendingar i eit lokalsamfunn kan ha hatt påverknad på dikteren og forfattarskapen. Slike årbøker kan også vere ei viktig kjelde til biografiar om forfattarar.

3 Litterær barnebokturné

Utover på 2000-talet har det vore gjennomført mange store og små leselystkampanjar. Foreningen les! har gjort det årvisst, Norsk Forfattarsentrum har vore tungt involvert, Falturiltu barnebokfestival på Stord har gjort sitt, og frå 2012 har Nynorsk kultursentrum gjennomført ei nynorsk barnebokveke i samarbeid med fylkesbibliotek og Nynorksenteret i Volda. I 2016 blei dette gjennomført i både Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Dei prioriterte målgruppene er lærarar og bibliotekarar. Med rett og stram organisering kan slike aksjonar gi gode resultat. Barnebokturnear med presentasjon av aktuelle barnebøker i biblioteka og på skular inngår i opplegget. Barnebokforfattarar frå Hordaland bør ha ein sentral plass i dette programmet.

4 Vestlandsforfattarar digitalt

Bergen offentlege bibliotek har sidan 1997 samarbeid med Norsk Forfattarsentrum om eit prosjekt der forfattarar med tilknytning til Vest-Noreg blir presentert. Innhaldet er tilgjengeleg på nettstaden til biblioteket og inneheld bibliografiar, intervju, anbefalingar, lenker til bøker og andre tekstar og oversikt over prisar og utnemningar. Dokumentasjon bør oppdaterast og utvidast med informasjon om bygningar, stader og minnesteinar.

5 Geografisk-litterær app frå nettleksikonet Allkunne

Det digitale oppslagsverket Allkunne og som er ein del av Nynorsk kultursentrum, har mange og utfyllande artiklar om fleire av forfattarane og forfattarskapane på Vestlandet. Gjennom digital formidling og samarbeid med musea hadde det vore mogleg å lage eit undervisningsopplegg om norsk litteraturhistorie der ein legg vekt på diktarar og forfattarskapar knytte til Hordaland. Emnet ligg godt til rette for ein app som publikum kan bruke på reiser. Eit slikt tilbod må utviklast på etablerte plattformer.

6 Den kulturelle skulesekken

Både Sunnhordland Museum og Nynorsk kultursentrum med Aasen-tunet og Hauge-senteret har utvikla produksjonar i Den kulturelle skulesekken der forteljingar om forfattarskap og tema knytt til desse inngår i formidlinga. Gjennom kunstnarleg utforming av produksjonane og med profesjonelle utøvarar, er desse framsyningane formidla til skular i Hordaland og i fleire fylke. Nye skulesekk-produksjonar som tek utgangspunkt i diktning frå Hordaland kan nå nye generasjonar av lesarar og auka kunnskapen om forfattarar frå fylket.

7 Hauge-senteret som rådgivar

Det vil vere behov for at musea i Hordaland ser på kva materielle minne, fotografi og arkivalia av kva avslutta og pågåande forfattarskap som bør samlast inn ved musea i regionen. Etter avtale kan Hauge-senteret ta på seg ha ei rådgivingsrolle overfor andre museum for kva minne som kan vere relevante av diktarar som har hatt lyrikk som (eitt av sine) hovudfelt.

8 Innsamling av fleire typar minne

Minne om og frå diktarar kan vere med på å gi nyttige og artige perspektiv på andre arbeidsområde for musea. Diktinga kan derfor integrerast i anna innsamlings- og formidlingsarbeid ved museumseiningane. Ein modell er moglege prosjektsamarbeid mellom musea som tek for seg litterære og kunstnarlege inngangar til emne som t.d. kystkultur, handverkskulturar, nynorsk skriftkultur, kristendom og andre verdskrigen. Her vil dikting, framføring av tekstar og munnlege forteljingar vere viktige bidrag saman med andre immaterielle kulturminne. Mange av desse bør dokumenterast gjennom film- og lydopptak slik at dei blir tilgjengelege for ettertida.

9 Dokumentasjon av litterære minnestader

Nordland fylkeskommune tok i midten av 1990-åra initiativet til det svære prosjektet *Fotefar mot nord* som dekte heile Nord-Noreg frå Namdalen til Sør-Varanger. Kvar kommune plukka ut eitt kulturminne i landskapet som saman med kulturminna frå dei andre kommunane skulle utgjere den samla nordnorske kulturhistoria.⁴¹ Saman med parallellprosjektet *Skulpturlandskap Nordland* må dette vere eit av dei beste døma på praktisk og fagleg kulturhistorisk samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunar. Her kunne fylkeskommunen be alle kommunane sende inn oversyn over statuar, gravstader, relevante bygningar med litterær eller litteraturhistorisk relevans.

10 Årlege møte om den skjønnlitterære kulturarven

For å sikre dokumentasjon av samtida for framtida kan det vere behov for årlege dialogmøte mellom forfatarorganisasjonar, fylkeskommunen og musea om kva og korleis den litterære kulturarven i Hordaland kan verte tatt vare på og formidla. Eit prosjekt som fylkeskommunen bør vurdere er å få ulike forfatarar frå Hordaland til å skrive om stader som har vore viktige for diktinga deira. Det kan gi auka kunnskap og forståing av samspelet mellom miljø og dikting frå diktarens eige synsvinkel. Som oftast er det andre enn kunstnaren sjølv som har tatt initiativ til å formidle og forvalte heimar eller materiell arv etter han eller ho. Å høyre frå forfattaren sjølv hadde gitt musea ny kunnskap og nye perspektiv på forvaltning av kunstnarheimar og formidlinga rundt desse.

11 Økland-huset

Økland-huset er eineståande, men mange diktarheimar vil ha sine viktige særtrekk. Å arbeide med dokumentasjon av denne eine diktarheimen kan ha stor overføringsverdi for andre prosjekt, ikkje minst av di det er sjeldan at eit slikt arbeid blir gjennomført medan hovudpersonen lever. Hordaland fylkeskommune er godt informert om prosjektet frå før, og Sunnhordland Museum og Nynorsk kultursentrum vil halde tett kontakt med fylkeskommunen om saka. Styra i dei to institusjonane avgjer det vidare arbeidet i juni 2017.

12 Bibliografien «Hordaland i norsk dikting»

Tidlegare spesialbibliotekar Sigbjørn Grindheim frå Sunnhordland laga den gode bibliografien i boka *Sunnhordlandsforfatarar* (1978). Denne bør oppdaterast, og med dagens digitale system er mykje av det ei grei sak, sjølv om også slikt tek tid. Ei utviding til heile fylket kunne vere bra, på ein måte som gjer det mogleg å kople saman den bibliografien med

⁴¹ I neste omgang førte dette til hefte om kvart kulturminne, dessutan samleverket *Fotefar mot nord* av Ottar Grepstad og Kirsti M. Thorheim på 840 sider i 2003, selt i 20 000 eksemplar.

det som er gjort i Sogn og Fjordane. Hauge-senteret arbeider med *Bibliografi over publiserte skrifter av Olav H. Hauge*, og har frå før laga fire andre bibliografiar. Den typen dokumentasjon er ein nødvendig føresetnad for å kunne gjere dei gode vala i minnepolitikken.

13 Programserie i samarbeid mellom fleire institusjonar

I tillegg kan prosjektet utforska opplevingsverdien av utvalde kunstnarheimar gjennom eksterne bidragsytarar. Ein modell er å engasjert utvalde forfattarar, kunstnarar, musikarar, litteraturvitarar og historikarar til å reflektere over den konkrete bustaden og fenomenet kunstnarheimar i fortid, nåtid og framtid, i møte med denne spesielle kulturarven i Hordaland. Utvalde artiklar kan så bli ein del av eit kultur- og formidlingsprogram i musea der desse blir presentert og debattert innanfor ei tematisk ramme. Dersom ein engasjerte kjende forfattarar, kunstnarar og andre profilerte bidragsytarar, kunne ein slik programserie ha interesse for eit breiare kulturinteressert publikum.

14 Publisering i ulike kanalar

Det kan også vere aktuelt å publisere eit utval av desse artiklane i Norsk museumsforbunds nye nett-tidsskriftet «Norsk museumstidsskift» som blir gitt ut på Universitetsforlaget. Som ein del av den offentlege samtalen og musea si rolle som samfunnsaktør, kan eit mogleg prosjekt i 2018 vere at Hauge-senteret og eit anna museum arrangerer to temamøter som også er opne for publikum der vi presenterer utvalde artiklar og problemstillingar. Dette kan innrettast som opne forum på sosiale media eller gjennom strømmetenester med ein påfølgjande diskusjon der folk får og deler kunnskap med inviterte kunstnarar og forskarar.

15 Tema for fylkeskulturkonferansen i 2018

Litteratur-, musikk- og kunstfylke Hordaland med spesielt fokus på kunstnarheimar, kan vera eit tema på Fylkeskulturkonferansen i 2018. Dersom nokre av dei nemnde tiltaka ovanfor, saman med innspel frå Kode i tilsvarende rapport, er satt i gang, kan eit utval av desse gi interessante og nye perspektiv på kunstnarheimar i fylket. Dette kan gi ny kunnskap og nye perspektiv blant politikarar, fagfolk frå musea og andre kulturarbeidarar når det gjeld forvaltning og formidling rundt kunstnarheimar i fylket, og bli eit viktig bidrag til korleis desse verdiane kan forvaltast for framtida.

16 Litteraturfestivalane som scene

Litteraturfestivalane i Hordaland, som Ulvik poesifestival, Litteratursymposiet i Odda, Audiatur i Bergen og Falturiltu på Stord, er mellom dei festivalane som kan utfordrast til å finne tematiske inngangar og invitere forfattarar til å skrive tekstar om og debattere identitet, heimstad og bustad som utgangspunkt for eiga diktning. Dette kan likevel ikkje formast som noko pålegg; institusjonane avgjer sjølve kva dei vil gjere.

17 Forfattarbyen Bergen

Det litterære tyngdepunktet som Bergen har vore og framleis er, bør utnyttast betre. Saman med Bergen kommune kan Hordaland fylkeskommune utvikle nokre prioriterte tiltak som profilerer forfattarbyen Bergen, og då med vekt på samtidsdiktarane, utan å gjere dei til kommunale produkt. To av dei forfattarskapane som peikar seg ut, er Cecilie Løveid og Gunnar Staalesen sine.

18 Folkelesnadsdiktarane

I norsk litteraturhistorie er det nokre få forfattarskapar som fortener merkelappen folkelesnad. To av dei blei skrivne av forfattarar frå Hordaland, Thron S. Haukenæs (1840–1922) frå Granvin og Jon Flatabø (1846–1930) frå Kvam. I dag har tida gått frå dei, men den historiske rolla deira bør ikkje undervurderast eller gløymast. Ein forfattar som Liv Margareth Alver frå dei siste tiåra har ført tradisjonen vidare. Biblioteka peikar seg ut som ein god arena og aktør for det arbeidet.

19 Erfaringsutveksling og samarbeid vestover

Hordaland har bygt opp eit samarbeid med Normandie, Edinburgh og Orknøyane som kan brukast i det vidare arbeidet med saka. Problemstillingane i rapporten vil såleis vere kjende for Writers' Museum i Edinburgh og for arbeidet med å forvalte arven etter George Mackay Brown i Kirkwall og Stromness.

20 Utviding til sakprosa

Fascinasjonen for samanhengar og brot mellom liv og diktning, og dei personlege røystene som skaper den diktinga, fører til ei større interesse for diktarheimar enn for minnestader for sakprosaforfattarar. Det høyrer med at ein god del skjønnlitterære forfattarar også skriv sakprosa. Ut frå eit mål om å forstå fleire sider ved den kulturelle og mentale utviklinga i ein region er det nødvendig å utvide ei satsing på diktarheimar til noko meir.

21 Integrering i økonomi- og kulturplan

Ein regional kulturpolitikk for diktarheimar, eventuelt utvida til fleire minnestader, vil krevje friske midlar. Noko kan og bør gjerast av dei institusjonane som har minnekultur eller litteratur som arbeidsfelt, men ei kulturpolitisk prioritering føreset at dette også blir prioritert økonomisk med målretta tiltak.

22 Det nye Vestlandet

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane godkjende 2. og 3. februar 2017 den intensjonsplanen om å slå saman fylka som fylkesordførarane signerte 17. januar 2017. Etter forlik i Stortinget 21. februar 2017 er det sannsynleg at fylka blir slått saman. Den kulturpolitiske delen av intensjonsplanen er knapp, men retninga stemmer godt med det vi tek til orde for i denne utgreiinga. Kvar for seg forvaltar fylkeskommunane kunnskap og erfaring som kan kome fleire til gode, og begge har teke eigne initiativ på det litterære feltet – Hordaland med denne utgreiinga, Sogn og Fjordane med eit arbeid om forfattarar i fylket. Dette gir eit godt grunnlag for samarbeid i eit eventuelt større vestlandsfylke. Eit arbeidsmøte mellom representantar frå dei to fylkeskulturavdelingane og sentrale museum kan leggje grunnlaget.

Dei første tiltaka

Éin fleirårig kulturplan strekk ikkje til for å utvikle ein heilskapleg minnepolitikk for diktarheimar og litterære minnestader i Hordaland. Dei 22 skisserte ideane og tiltaka ovanfor tener i sum til å auke kunnskapen om kunstnarheimar generelt og diktarheimar spesielt. Det offentlege ordskiftet og dei faglege drøftingane av minnepolitiske aspekt ved denne forvaltninga må haldast levande, og det er ei sak for heile kulturfeltet, ikkje berre ein fylkeskommune.

Ein av føresetnadene for ein god kulturpolitikk er ein kulturhistorisk diskurs for å utvikle ny kunnskap og kritisk refleksjon om kunstens og kunstnarens posisjonar i fortid og samtid. Musea bør difor få tilført meir midlar til forskning om minnepolitikk. Det vil styrkje musea si forvaltning og formidling av utvalde kunstnarskap og kulturminne, og det vil gi offentlege institusjonar ei klarare rolleforståing og sterkare historiske perspektiv. Hordaland fylkeskommune bør difor gjere endå meir for å betre rammevilkåra for kartlegging, dokumentasjon og forvaltning av kunstnarheimar slik det kjem fram i *Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025*.

For å kome tydeleg i gang rår vi difor til minst fem av tiltaka ovanfor blir gjennomførte først.

1. *Programserie i samarbeid mellom fleire institusjonar*
Utforske opplevingsverdien av utvalde kunstnarheimar ved å utfordre forfattar, kunstnarar, historikarar etc. til å reflektere gjennom artiklar og foredrag.
Utlyse prosjektmidlar som musea i samarbeid med institusjonar kan søke.
2. *Tema for fylkeskulturkonferansen i 2018*
Litteratur-, musikk- og kunstfylke Hordaland med spesielt fokus på kunstnarheimar, kan vera eit tema på fylkeskulturkonferansen i 2018. Rapportane frå Hauge-senteret og Kode saman med døme frå den nemnde programserien kan vere utgangspunkt.
3. *Økland-huset*
Setje av midlar til eit innovasjonsprosjekt der ein modell for forvaltning og drift av kunstnarheimen Einar Økland-huset blir utgreidd av Nynorsk kultursentrum og Sunnhordland Museum.
4. *Den kulturelle skulesekken*
Utvikle fleire produksjonar i Den kulturelle skulesekken som tek utgangspunkt i diktning frå Hordaland som kan nå nye generasjonar av lesarar og auka kunnskapen om forfattarar frå fylket.
5. *Bibliografien «Hordaland i norsk diktning»*
Eit slik oversyn ville gi nyttig kunnskap til fylkeskommunen, musea og andre institusjonar. Nynorsk kultursentrum ved Hauge-senteret kan ta på seg eit slikt oppdrag dersom det blir tilført midlar.

Vedlegg

1

Det nasjonale Litteraturnettverket

Museum

Nynorsk kultursentrum: Aasen-tunet, Hauge-senteret, Vinje-senteret (frå 2017)

Akershusmuseum: Asker museum

Aust-Agder museum og arkiv: Grimstad bys museer

Anno museum: Aukrustsenteret, Bjørgan prestegård, Rendalen bygdemuseum, Oppistun Børli, Sagstua og Kvinnemuseet

Helgeland Museum: Petter Dass-museet

Jærmuseet: Garborgsenteret

Kode Kunstmuseene i Bergen: Komponisthjemmene

Lillehammer museum: Dikterhjemmene

Emma og Olav Duuns hjem

Nordlandsmuseet: Hamsunsenteret

Norsk Folkemuseum: Ibsen-museet

Olav Dunn Stiftinga

Ryfylkemuseet

Telemark Museum: Henrik Ibsen-museum

Prioriterte forfatterskapar

Petter Dass

Ole Bull

Ivar Aasen

A.O. Vinje

Henrik Ibsen

Bjørnstjerne Bjørnsson

Edvard Grieg

Arne Garborg

Jakob Breda Bull

Ivar Mortensson Egnund

Knut Hamsun

Rasmus Løland

Hulda Garborg

Dagny Juel

Olav Duun

Sigrid Undset

Sigurd Hoel

Tarjei Vesaas

Harald Sæverud

Halldis Moen Vesaas

Olav H. Hauge

Hans Børli

Kjell Aukrust

2

Hordalands-diktarar i norsk litteraturhistorie – eit utval

Dette er eit forsøk på å liste opp nokre av dei mest sentrale forfattarskapane med utgangspunkt i fylket.⁴²

Dorothe Engelbretsdatter (1634–1716)
Ludvig Holberg (1684–1754)
Johan Nordahl Brun (1745–1816)
Claus Fasting (1746–1791)
Johan Sebastian Welhaven (1807–1873)
Magdalena Thoresen (1819–1903)
Henrik Krohn (1926–1879)
Bjørnstjerne Bjørnson (1832–1910)
Thrond Sjursson Haukenæs (1840–1922)
Kristofer Janson (1841–1917)
Amalie Skram (1846–1905)
Jon Flatabø (1846–1930)
Nordahl Rolfsen (1848–1928)
Per Sivle (1857–1904)
Jens Tvedt (1857–1935)
Hans E. Kinck (1865–1926)
Hans Wiers-Jenssen (1866–1925)
Ludvig Hope (1871–1954)
Gro Holm (1878–1949)
Olav Nygard (1884–1924)
Arne Vaagen, pseudonym for Sigurd Segelcke Meidell (1878–1968)
Ragnvald Vaage (1889–1956)
Arnulf Øverland (1889–1968)
Sjur Bygd (1889–1985)
Halldor O. Opedal (1895–1986)
Nordahl Grieg (1902–1943)
Inger Hagerup (1905–1985)
Zinken Hopp (1905–1897)
Bjørn Rongen (1906–1983)
Torborg Nedreaas (1906–1987)
Olav H. Hauge (1908–1994)
Aslaug Låstad Lygre (1910–1966)
Claes Gill (1910–1973)
Nils Bjørgås (1910–1983)
Frithjof Sælen (1917–2004)
Josef G. Larssen (1918–2014)
Johannes Heggland (1919–2008)
Pål Sundvor (1920–1992)
Merete Wiger (1921–2015)

⁴² Utgangspunktet er døde forfattarar som er fødde i eller har arbeidd i Hordaland og som er omtalte i oversynsartikkelen om norsk litteraturhistorie i *Store Norske Leksikon* (https://snl.no/Norges_litteraturhistorie, lesedato 7.12.2016 og [https://snl.no/barne- og ungdomslitteratur](https://snl.no/barne-og_ungdomslitteratur), lesedato 13.12.2016. Vidare byggjer lista på Ottar Grepstad: *Skjønnlitterære debutantar på nymorsk og dialekt 1841–2014*, Ørsta 2015.

Arne Bendiksen (1926–2009)
Georg Johannesen (1931–2005)
Ingvar Moe (1936–1993)
Ivar Medaas (1938–2005)
Johannes Kleppevik (1947–2001)
Gustav Lorentzen (1947–2010)
Jan Roar Leikvoll (1974–2014)

3

Nynorskdiktarar frå Hordaland i samtidslitteraturen – eit utval

Diktarar med biografisk bakgrunn frå ulike stader i landet, men som er eller har vore knytte til miljø i Hordaland.⁴³

Rune Belsvik (1956–)
Henning H. Bergsvåg (1974–)
Oskar Stein Bjørlykke (1939–)
Arve Brunvoll (1937–)
Hildegunn Dale (1974–)
Marit Eikemo (1971–)
Helga Gunerius Eriksen (1950–)
Jon Fosse (1959–)
Johannes Gjerdåker (1936–)
Frode Grytten (1960–)
Atle Hansen (1954–)
Tormod Haugland (1962–)
Sigbjørn Heie (1945–)
Edvard Hoem (1949–)
Ragnar Hovland (1952–)
Stanley Jacobsen (1949–)
Kurt Johannessen (1960–)
Per Olav Kaldestad (1947–)
Mette Karlsvik (1978–)
Anna Kleiva (1985–)
Odveig Klyve (1954–)
Ruth Lillegraven (1978–)
Karin Moe (1945–)
Olaug Nilssen (1977–)
Erna Osland (1951–)
Agnes Ravatn (1983–)
Ingelin Røssland (1976–)
Rolf Sagen (1940–)
Hans Sande (1946–)
Signe Seim (1929–)
Lars Ove Seljestad (1961–)
Bjørn Sortland (1968–)
Arild Stubhaug (1948–)
Kristin Sørsdal (1966–)
Lars Amund Vaage (1952–)
Enar Økland (1940–)
Øyvind Vågnes (1972–)
Gunnhild Øyehaug (1975–)

⁴³ Ottar Grepstad: *Skjønnlitterære debutantar på nynorsk og dialekt 1841–2014*, Ørsta 2015, og Norsk Forfattarsentrum: *Forfatterkatalogen*, <http://www.forfatterkatalogen.no/fylke/hordaland/>, lesedato 26.1.2017.

4

Bokmålsdiktarar frå Hordaland i samtidslitteraturen – eit utval

Diktarar med biografisk bakgrunn frå ulike stader i landet, men som er eller har vore knytte til miljø i Hordaland.⁴⁴

Liv Margareth Alver (1955–)
Hanne Bramness (1959–)
Pedro Carmona-Alvarez (1972–)
Ingri Egeberg (1951–)
Jan Eggum (1951–)
Tomas Espedal (1961–)
Erling T. Gjelsvik (1949–)
Jostein Gaarder (1952–)
Johan Harstad (1979–)
Stig Holmås (1946–)
Mona Høvring (1962–)
Finn Iunker (1969–)
Karl Ove Knausgård (1968–)
Per Knutsen (1951–)
Karoline Krüger (1970–)
Rune Larsen (1948–)
Gabrielle Leithaug (1985–)
Sondre Lerche (1982–)
Arne Lygre (1968–)
Ingri Lønnebotn (1946–)
Cecilie Løveid (1951–)
John Olav Nilsen (1982–)
Erlend O. Nødtvedt (1984–)
Pål Gerhard Olsen (1959–)
Liv Sandberg (1924–)
Kaj Skagen (1949–)
Thor Soltvedt (1955–)
Espen Stueland (1970–)
Gunnar Staalesen (1947–)
Ove Thue (1951–)
Lars Vaular (1984–)
Selma Lønning Aarø (1972–)

⁴⁴ Bergen offentlige bibliotek: *Vestlandsforfattere*, <https://bergenbibliotek.no/inspirasjon/litteratur/vestlandsforfattere/presentasjon-av-forfatterene>, lesedato 27.1.2017, og Norsk Forfattersentrum: *Forfatterkatalogen*, <http://www.forfatterkatalogen.no/fylke/hordaland/>, lesedato 26.1.2017.

5

Minnesteinar for diktarar i Hordaland – eit utval

Lista er ordna kronologisk etter avdukingsår. Oversynet er ufullstendig, men truleg er dei viktigaste minnesmerka komne med.

Bergen	Statue	Ludvig Holberg	1884	J. Bojesen og H. Johannesen
Voss (Stalheim)	Stein	Per Sivle	1909	Olav Rusti
Bergen	Statue	Petter Dass	1911	Ambrosia Tønnesen
Bergen	Statue	Dorothe Engelbretsdatter	1911	Ambrosia Tønnesen
Bergen	Statue	Bjørnstjerne Bjørnson	1917	Gustav Vigeland
Bergen	Stein	Claus Fasting	1924	Ambrosia Tønnesen
Mo	Stein	Olav Nygard	1932	Ståle Kyllingstad
Kvam	Byste	Hans E. Kinck	1932	Gunnar Janson
Bergen	Statue	Amalie Skram	1949	Maja Refsum
Odda	Stein	Gro Holm	1952*	Herborg Holm Kiberg
Bergen	Statue	Nordahl Grieg	1957	Roar Berg
Voss	Byste	Per Sivle	1957	Ottar Espeland
Bergen	Stein	Johan Nordahl Brun	1970	Sofie Madsen
Sunde	Statue	Ragnvald Vaage	1979	Ståle Kyllingstad
Bergen	Statue	Henrik Ibsen	1981	Nils Aas
Kvinnherad	Byste	Jens Tvedt	1953	Ståle Kyllingstad
Lindås	Stein	Aslaug Låstad Lygre	1982	Alf Rongved
Voss	Skulptur	Per Sivle	1984	Lars Fletre
Bergen	Byste	Hans Wiers-Jenssen	1992	Per Ung
Ulvik	Stein	Olav H. Hauge	1995	Kristian Blystad
Bergen	Byste	Ivar Aasen	2000	Arne Mæland
Bergen	Statue	Varg Veum	2008	Vidar Bratlund Mæland
Meland	Byste	Ivar Aasen	2014	Gunnar Torvund

* Den opphavlege bysten og sokkelen blei øydelagd. Ny avstøyping blei sett opp i 1988.